



KULTURMINNEPLAN 2022



HÆGEBOSTAD KOMMUNE

VEDTATT I KOMMUNESTYRE 31.03.2022, SAK 8/22

Innhald

Dalen og dølane	6
Førhistorie og mellomalder	8
Buplassar frå steinalderen	8
Storhaugar og rike gravfunn	9
Tingstaden på Tingvatn	9
Kyrkje og kristendom	10
Gamal ferdsel	10
Mot nyare tid	11
Det tradisjonelle jordbruket	11
Driftetrafikken	12
Arbeidsvandringar	13
Gjestebod, drikkekultur og «rei»	13
Den gamle livsverda	14
Store endringar fram mot Andre verdskrigen	16
Nye kommunikasjonar	16
Endringar i jordbruket	17
«Amerikafeberen»	18
Organisasjonsliv	18
Skulestellet	19
Nokre hovudtrekk ved utviklinga etter 1945	20
Hægebostad i dag	21
Om plan og prosess	24
Mål	24
Plantype og avgrensing	24
Prosess og medverknad	24
Forholdet til andre planar og lovverket	25
Kommunale planar	25
Regionale planar	25
Samarbeidsavtale med fylkeskommunen	25
Nasjonale forventningar	26
Lovverket	26
Internasjonale avtalar	27
Konsekvensar av planen	27
Rullering	27
Status og utfordringar	28
Kva er eit kulturminne?	28
Utfordringar	28

Kjende kulturminne og datagrunnlag	29
Askeladden	29
Sefrak.....	29
Kulturminne på museum	29
Kommunalt vern	30
Landskapsvernområdet Setesdal vesthei Ryfylkeheiane	30
Kommunen si rolle	30
Kommunen som myndigheit	30
Kommunen som eigar	31
Tilrettelegging og formidling.....	31
Samarbeid	31
Tilskotsordningar og økonomiske virkemiddel	32
Strategiar for kulturminnevern i Hægebostad	34
Vern	34
Forvaltning.....	34
Formidling	34
Verdiskaping	34
Prioriterte kulturminne	34
Kulturmiljø	35
Stølslandskapet i Hekkfjell.....	35
Tingvatn kulturmiljø	35
Snartemo kulturmiljø	35
Gysland kulturmiljø	35
Strandegardane kulturmiljø	35
Urestad kulturmiljø	36
Nedre Snartemo gard	36
Hægebostad kyrkje med Prestegarden kulturmiljø.....	36
Heddand kulturmiljø.....	36
Gamle vegar	36
Barnevandrarstien	36
Den gamle vegen frå Rossevatn til Knaben	36
Verdalsheivegen	36
Kvålesheivegen	36
Mannevegen Birkeland – Loka	37
Sundsheivegen	37
Rødde vegen Bakken – Årli	37
Enkeltminne.....	37
Arkeologiske kulturminne.....	38
Andre viktige kulturminnetypar.....	38
Handlingsplan.....	39
Kjelder	41

| Foto framside: Maren Holte | Layout: Hægebostad kommune

| Tekst: Frans-Arne Hedlund Stylegar/Multiconsult og Hægebostad kommune |

HISTORISK DEL





Lygne og Skeie sett frå vest. Foto: Peder Austrud

DALEN OG DØLANE



Bjærum. Foto: Elin Jerdal



Gysfossen, 2018. Foto: Maren Holte

Då Torger Melbye i 1832 kom køyrande opp Lyngdalen for å overta presteembetet i Hægebostad, Eiken og Fjotland, kvilte han hos ei kone på Vemestad i Kvås. «Korleis vågar du deg opp til dei harde fjellbøndene,» spurde ho? «Jo, ser du, mor, jeg skal nok kue dem, jeg,» sa presten. «Å nei, dei blir ikkje gode å kua,» svara kona.

Hægebostad utgjer den nordre delen av Lyngdalen. Lygna sitt trange dalføre opnar seg ved Snartemo, Gyberg, Birkeland, Tingvatn og ved det 10 km lange Lygnevannet i fjellbygda Eiken. På desse stadene finn ein det meste av dyrkingsjorda og dei største gardane, og frå gammalt av også største folkemengda.

Dalbunnen stig svakt frå Gysland og Gysfossen og nordover, og heile vegen er dalen brattare i vest, der gardane ligg høgare i lendet, enn i aust, der ein finn låge åsar og berre eit fåtall fjell som peikar seg ut i den sørlege delen av kommunen. Ved Lygnevannet ligg gardane på austsida berre litt høgare enn vatnet (183 m.o.h.), mens dei såkalla Strandgardane på vestsida ligg høgare. Sjølve vatner er demt opp av den store morenen (Raet) ved Tingvatn.

Nord for Lygne smalnar dalen kraftig inn att, men det ligg einskilde gardar og mindre grender nokre stader her óg, først og framst ved Haddelandstjødna. På Haddeland ligg ein stor stein kant i kant med den gamle køyrevegen. Den heiter Skrymtesteinen. Onde tunger fortel at dei fleste av dei som budde på gardene lenger inn, var i slekt med kvarandre. For kvar gong ein friar var på veg ut i bygda, vart han så skremt da han skulle forbi Skrymtesteinen, at han snudde og fann seg kone på nabogarden i staden!

Fjella i Eiken er høgare enn dei lenger sør i dalen, og når opp i over 900 m. Dette er høgheiane, den delen av heia som ligg

så høgt at det ikkje har vore aktuelt å rydde gardar der. Det karakteristiske Hekkfjellet er 705 m høgt, og utgjør den sørlegaste delen av Langfjella.

Det er fleire større dalføre i kommunen forutan hovuddalen som Lygna renn gjennom. I nord går Verdalen austover, og noko lenger sør går Blåkedalen i same lei; gjennom denne går fylkesveg 42, den tidlegare «indre riksveg», som kjem frå Audnedalen, held fram gjennom øvre del av kommunen og over Haddelandsheia til Kvinesdal og vidare vestover. Ved Bjærum tek eit anna dalføre av frå hovuddalføret og går gjennom Skrubbedalen til Steinslandkroken; i området er det store strekkingar med myr og furuskog, og i sør ligg Naglestadheia, som vinterstid er eit viktig utfartsområde.

Eit anna sidedalføre går frå Birkeland gjennom Kollemoskogen og opp Laukroken. Der er Lauen største garden. For 300 år sidan var det 12 bønder på garden, og om dei vart det skjemta at dei berre hadde ein kyrkjehatt på deling. Gjennom juvet renn Lislåna og lagar fossefalla ved Hundeland.

Nord for Laukroken ligg Herstøl med Fålandsrøysa, der fire sokn (Liknes, Fjotland, Eiken og Hægebostad) møttest i eldre tid.

Det er ei kjent sak at diskusjonen, ikkje minst politisk, stundom kan gå høgt mellom eikdølar og folk frå Hægebostad, kva nå årsaken kan vere. Faktum er at dei to bygdene har høyrst saman i administrativ eining gjennom det meste av tida; det var berre i perioden frå 1916 til 1963 at Eiken og Hægebostad var skilde einingar – mellom 1837 og 1916 hadde ein storkommune, og før den tid var dei to bygdene eit prestegjeld og høyrde til same tinglaget.

Men mange har meint at folk er ulike i Eiken og Hægebostad, og det kan jo godt vere. Og sjølv om den inndelinga i «kortskallar» og «langskallar» og «rasetypar» som til dømes militærlegen Halfdan Bryn skreiv om for hundre år sidan ikkje vert nytta av fagfolk i dag, kan ein smile og nikke gjenkjennande til noko av skildringa hans av folk og lynne nord og sør i kommunen.



Lygna, sett frå Tngvatn

Om eikdølane skriv han at dei «altid har ført en isolert tilværelse», og så holder han fram:

«Ved Lygnevandet er han blitt nokså avsondret fra de nedenfor liggende bygder... Eikebygden har derfor hat dårlige forbindelser med kysten; han har derfor også fått erholde sine oprindelige trekk nokså uforfalsket. Han er høi, blondhåret, blåøiet med avlangt hode og avlangt ansikt... Han er av karakter hårdfør og djerv, men samtidig tilbøielig til råhet og villhet... Med hensyn til forstandsevner finner man i Eiken et særdeles vel utrustet folkeferd; de er kvikke i ord og tale, kan være vittige og morsomme, og adskiller sig heri påfaldende fra befolkningen i Lyngdal.»

Bryn har ikkje like mye å seie om folk i Hægebostad, mest fordi dei «i antropologiske henseende (danner) etslags overgangsledd mellem Lyngdal og Eiken»:

«Her er færre kortskaller enn i Lyngdal, men flere enn i Eiken. Folket her er mere undersetsige enn lyngdølene. De har mere skråtliggende panner og oppstoppernese forekommer langt hyppigere her enn ellers i dalen.»



Kvitåfossen



Æreneset på Gysland, 2018. Foto: Maren Holte

FØRHISTORIE OG MELLOMALDER



Kari med steinen på Kollemo. Foto: Lister Friluftsråd



Boningshaugen på Bryggeså. Foto: Atle Omland

Buplassar frå steinalderen

Om dei tidlegaste innbyggjarane i Hægebostad har vi noko mindre kunnskap. I den første tida vart nok ressursane i dei øvre delane av dalen, med rike moglegheiter for jakt og fiske, først og framst nytta sesongvis av folk som elles i året hadde tilhald i kystnære strok.

Buplassar frå steinalderen er funne fleire stader i kommunen – Æreneset på Gysland, Kari me Steinen på Kollemo og Kyrkjeodden i Eiken er dei mest kjende. Funna frå desse plassane består av avslag, pilspissar og skraparar av flint, og visar at vi har å gjere med fangstfolk. Men ved hellaren på Areneset er det òg funnen ei flintøks som tilhøyrer jordbrukskulturen i yngre steinalder.

Dei eldste gardane i Hægebostad, til dømes på gode jordbruksområder på austsida av Lygne, vart truleg rydda i god tid før Kristi fødsel, kan hende alt i bronsealderen. Men så langt manglar vi arkeologiske spor etter den eldste gardsbusettinga. Spora er til gjengjeld mange frå dei første hundreåra av vår eiga tidsreikning.

Storhaugar og rike gravfunn

Det er først og fremst dei mange gravhaugane rundt i kommunen som syner kor mykje av jernalderbusettinga låg. I romartid og folkevandringstid var det sjeldan lang avstand mellom gard og gravplass, og sjølv om vi ikkje har intakte jernaldergardar som Sosteli her i Hægebostad, er det rimelig å tru at det har vore slik her òg. Nokre av dei større gravfelta har vore bortrudde etter kvart, slik som på Snartemo, men vi har gode døme på slike felt mellom anna på Bryggeså.

Spesielt for Lyngdalen er dei store gravhaugene og rike gravfunna frå folkevandringstida. Storhaugar som Boningshaugen på Bryggeså, Vehaugen på Tingvatn og Rishaugen på Bjærum er mellom dei største i Vest-Agder, og haugane som romma Snartemofunna, var like store.

Funna frå Snartemo står i ei særstilling, og mannsgrava Snartemo V er med rette berømt langt utanfor Noregs grenser. Men også eit par av dei andre funna frå Snartemo, samt funn frå Eiken og Bjærum, er sers rike.

Sjølv om det er folkevandringstida som representerar «storheitstida» i det førhistoriske Hægebostad, skal ein ikkje gløyme at ein hel del av gravhaugane i kommunen har vist seg å vere frå vikingtida, med større funn frå m.a. Birkeland, Kollemo og Tingvatn.

Tingstaden på Tingvatn

Tingvatn og kulturminna der er noko av eit sersyn, og staden er eit av dei mest verdfulle fornminneområda i Vest-Agder. Då Norsk kulturråd sitt «Utvalg for sikring av høyt prioriterte fornminner» la fram innstillinga si i 1967, var det Tingvatn i Hægebostad og Sosteli i Åseral som var med frå Vest-Agder, i tillegg til tre lokalitetar på Lista.

Tingvatnfeltet har fleire gravhaugar, og nokre steinsettingar som det går gjetord om. Steinsettingane vert av arkeologane rekna for å vere gravanlegg frå jernalderen, og kan hende eit grann eldre enn gravhaugane elles i kommunen.

Men i folketradisjonen er Tingvatn ikkje ein gravplass, men ein tingstad frå den tida då bøndene sjølv dømte på tinget. Mange stader i Norden vert dei runde steinsettingane kalla «domarringar», og det er sterk og levande tradisjon for at slike monument har vore brukte i rettslege samanhang. Og nett på Tingvatn får tradisjonen støtte i andre kjelder. I mellomalderen – og kan hende alt i vikingtida – var nemleg staden sentrum i den tingkretsen som vart kalla Vats tinghå. Vats eller Vatne er eit eldre namn på Tingvatn, og garden her var i fleire hundre år tingstad for eit innlandsdistrikt som i tillegg til Hægebostad og Eiken, omfatta Bjelland og Grindheim.



Frå pløyinga då dei fann Snartemosverdet i 1933, Foto: Hægebostad bileddarkiv



Tingplassen på Tingvatn, Foto: Lasse Norlemann Mathiesen



Tingplassen på Tingvatn, Foto: Lasse Norlemann Mathiesen



Eiken Kyrkje, Foto: Lasse Norlemann Mathiesen



Hægebostad kyrkje, Foto: Lasse Norlemann Mathiesen



Båtstø på vestsida av Lygne, Foto: Olav Eiken

Kyrkje og kristendom

I tidleg mellomalder vart den gardsbaserte kulten som var knytt til gravhaugar og forfedre, erstatta av trua på Kvite-Krist og ein kult av ein annan type, der kyrkja og kyrkjegarden overtok mykje av den rolla som garden og den eigne gravplassen hadde spela fram til då. So vel i Hægebostad som på Eiken vart det bygd kyrkjer i løpet av mellomalderen – når, veit ein ikkje, men truleg ikkje like tidlig som i kystbygdene. Kyrkjesokna ga ei ny ramme rundt livet til folk, og sokna har vore utgangspunkt for mykje av den administrative inn- delinga i mange hundre år, i vår kommune som elles i Noreg.

Men ein skal vere klar over at kyrkjeorganisasjonen nok har vore meir samansett før reformasjonen (1537) enn i seinare tid. På nokre gardar finst det segn om at skal ha vore kyrkje, og andre stader gir marknamn og andre kjelder nyss om at kyrkjetopografien i Hægebostad har vore ein annen enn i dag. Soleis vert det fortalt om kyrkjer på Åvesland, Skeie og Kyråsletta under Hekkfjellet i Eiken, medan det kan sjå ut til at det ein gong har vore kyrkje på Snartemogardane óg. Desse kyrkjene har i so fall vore privatkyrkjer, som først og framst har vore nytta av folk på garden. Legg til at ein på Gyberg har lokaliteten «På Kjørkjegarden», som skal vere ein kyrkjegard frå Svartedauden, og at det på gravhaugen «Krosshaugen» på Hægebostad prestegard skal ha vore reist ein kross, som etter segna var det kristne sentrum i bygda før ein fekk kyrkje.

Gamal ferdsel

Etter reformasjonen hørte Eiken og Hægebostad til Kvinesdal prestegjeld, og det var presten på Liknes som heldt preike i Hægebostad. Slik var det heilt fram til 1753, då Eiken, Hægebostad og Fjotland vart eit eige prestegjeld med namnet Øvre Kvinesdal.

Vegen frå Liknes til Hægebostad og Eiken var dryg, men framkommeleg. Det var nok óg veggen ned gjennom dalen til Lyngdal, men frå gammalt av gjekk mykje av ferdsla på tvers av dal- føra, over dei låge heiane, heller enn at folk våga seg forbi den bratte Kvåsfossen og andre hindringar nede i dalbotnen. På det viset var ikkje det store prestegjeldet med sokner skilte av Kvinesheia, så underleg. Etter 1753 (og fram til 1841) var det Hægebostadpresten som måtte over Haddelandsheia i Eiken for å komme seg til kyrkja i Fjotland, medan konfir- mantar frå Fjotland leste i Hægebostad kyrkje og måtte ta seg den lange veggen over heia til Hægebostad, og derfor vere borte i fleire dagar.

Ein har spor etter fleire av dei gamle ridevegane over Kvi- nesheia. To av dei vart også nytta av prestane, og vert av og til nemnde som «prestevegar». Ein går framom Eikeland til Jerstad eller Moi, og ein annan går frå Urestad til Moi. Desse vegane nytta farande folk av alle slag, og veggen gjekk vidare frå Kvinesdal til Flekkefjord med overnatting hos gjestgjeva-

ren på Feda. Til Flekkefjord måtte folk reise for å kjøpe varer som salt, ris og kramvarer, medan ein kunne få tak i korn, mel og fisk i Kvinesdal. Heimover bar dei varene på ryggen, eller kløyva dei.

Det var byveggar også austover mot Kristiansand. Ein av dei gjekk frå Gysland over heia til Konsmo, og derfrå vidare til Kristiansand. Den vart kalt «Mannevegen» eller «Allmannavegen». Ferda til Kristiansand tok gjerne to dagar. Mange barnevandrarar gjekk denne vegen.

Ein annan veg gjekk mellom Snartemo og Ytre Øydna. «Tingvegen», het han, fordi sorenskrivaren i Lyngdal gjekk denne vegen mellom dei to tingstadene. Men vegen var óg byveg for kvindølar og folk frå Hægebostad, og langs vegen kunne ein ofte treffe på hestehandlarane med rekker av hestar bundne saman, på veg frå Stavanger for til marknader lenger aust.

Frå Snartemo gjekk det ein rideveg frå Snartemo mot Konsmo via Kvestad og Sunde.

«Nordmannsvegen» kom austfrå gjennom Bjelland og Grindheim, over Kvålesheia til Eiken og vidare over Hadde-landsheia. Han var byveg for fjotlendingar og eikdølar.

Det fanst og rideveggar som batt den nordlege delen av kommunen saman med fjellbygda Åseral; ein veg gjekk opp på heia og ned gjennom Lygneskaret til Kylland, og ein annan, Øygardsvegen, gjennom Landdalen og opp på heia og forbi Sosteli til Kyrkjebygd.

Mot nyare tid

I 1801 syner folketellinga for dette året at det budde 810 menneske i Hægebostad og 754 i Eiken. Det hadde funne stad ei auke sidan 1660-åra, då ei anna telling synta at det var 247 mannlege innbyggjarar i Hægebostad aleine.

Busetnadsmønsteret i 1801 var annleis enn i dag, og det budde folk på alle heiegardane. Eit døme er den no avfolka grenda vest for Urestad, 3-4 km fra dalen, med gardane Espeland, Eirikstøl, Bergstøl og Bjørnestøl. Ingen av desse har hatt fast busetnad på mange år, men i si tid gjorde tilgangen til beitemark som gav mjølk og smør, samt det rike fisket i dei mange vatne i området, denne grenda til ein stad det var mogeleg å skaffa seg et greit utkome.

Samansettinga av befolkninga etter kjønn og alder var også annleis enn i dag. Det var mange barn og heller få gamle. Vidare var det fleire kvinner enn menn. Sidan menn levde kortare enn kvinner og mange døyde i ung alder, vart det mange enker, og av kvinner over 60 år var det fleire enker enn gifte.

Det tradisjonelle jordbruket



Ferdselsveg Gysland, Foto: Frans Arne Stylegar



Gamle redskap ,Foto: Frans Arne Stylegar



Lafta høyløe i Landdalen, Foto: Olav Eiken



Frå tunet på Urestad Foto: Lasse Norlemann Mathiesen



Frå tunet på Urestad , Foto: Lasse Norlemann Mathiesen



Urestad ca 1940, Foto: Hægebostad billedarkiv

Kulturlandskapet i Hægebostad fortonte seg annleis i 1801 enn no. Opp gjennom dalen låg gardane om lag på same plass som nå, men mange stader låg husa til dei ulike bruka om kvarandre i ei klynge, mest som små landsbyar. På Lauen hadde så mange som 12 hushald, bygningane sine i ei klynge, og på Skeie låg 10 bruk samla. Mindre gardar, ikkje minst på heia, var einbølte.

Klyngetuna eller landsbyane var oppstått gjennom at gardar var blitt delte mellom arvingar – ikkje ei gong, men mange. Og når ein gard vart delt, fekk kvar av dei nye bruka som oppstod, ein andel i alle ressursane på garden. Partane som en enkelte brukaren hadde, låg innimellom partar som hørde til andre brukarar. På åker og eng var teigblandinga spesielt godt synleg, og etter kvart som mange gardar vart delte igjen og igjen, vart åkerteigane smalare og smalare. Tunet låg gjerne sentralt i ressursområdet til garden, og ofte med bygningane til alle brukarane samla i ei klynge.

Jordbruk med husdyrhald var den viktigaste levevegen. Serleg i Eiken var husdyrhaldet viktig, både krøtter- og saue- og geitehald. Åkrane låg i nærleiken av tunet, omgitt av enga. Dette utgjorde innmarka, som var skilt frå utmarka av ein steingard. Frå tunet førte ein eller fleire steinsatte buvegar ut til bumarka; eit fint døme kan ein framleis sjå på Hobbesland. Den beste jorda vart nytta til åpen åker, der havre og bygg vart dyrka, og åkrane var dei same år etter år. Dei kunne ha namn som «Storåkeren», «Langåkeren» osb. Større bruk var sjølvforsynte med korn (bygg, havre).

Utanfor bumarka låg slåttemarka. Ein hadde aldri mykje eng, og dyreforet vart henta på utslåttar, sette i stakk eller lagt i utløer og køyrt heim på vinterføre. Nord i kommunen kunne slåttemarka ligge så langt innover heiane at dei hadde bygd opp ein eller fleire støljar der. Her budde folk og fe på sommaren for å slå gras, og dei delane av Eiken som hadde støljar, kunne ligge mest som øyde i stølstida. Lengst bort frå garden, og utanfor slåttemarka, låg drifteheia med rike fjellbeiter.

Mange gardar hadde óg tilgang til rike jakt- og fiskeressursar. Mellom anna på Kvinesheia fanst mange fiskevatn med fin aure, medan fisket i Lygne og Lygna var viktig for dalebøndene. I Lygne dreiv ein også med isfiske, men isen på vanna i heia var for tjukk til det. Elvefisket gjekk føre seg med garn på grunnene heile våren og forsommaren, medan ein la teiner om hausten.

Hestehaldet var ikkje så stort, og mykje arbeid måtte gjerast for hand; kornet vart skore med sigd og festa på staur, gras og brenne vart henta heim på kjelke, og gjødsla dradd ut om våren.

Driftetraffikken

Kvar vår gjekk krøterhandlarane rundt på gardane og kjøpte opp dyr, som vart samla til ei stor drift og sette på beite i

drifteheiane inn mot fjellet. Kvar haust vart store dyreflokkar drivne ned frå heia og langs vegane til byar som Kristiansand og Arendal. Både der og lenger aust var det stort behov for slakte og livdyr, og i deira eiga oppland kunne strenge vintrar og begrensa beitearal gjere det vanskeleg å skaffe nok krøter.

Fordi tilgangen på beite var god, i kvart fall i drifteheiane i Eiken og Åseral, og fordi kjøtproduksjonen var viktigare enn mjølkeproduksjonen heilt fram til moderne meieri og betre vegar gjorde det mogeleg å få avsetnad på mjølkeprodukt, kunne ein halde mykje krøter på heller dårleg fór gjennom vinteren.

Truleg var denne verksemda – og samanhengen mellom behov i byane og innrettinga av jordbruket sjølv i fjerne dalebygder som Eiken – gammal alt i 1801. Kor gammal, veit ein ikkje, men trafikken av krøter til slakt tok seg nok kraftig opp på 1600-talet.

Arbeidsvandringar

Sesongvise vandringar spelte ei viktig rolle for folk i Hægebostad og Eiken. Mannfolka dro austover på borkefletting (fletta eikebork vart nytta til garving), eller til Nedeneskysten for å drive vanleg gardsarbeid. I det distriktet var mange av bøndene elles sysselsette med sjøfart og skipsbygging. Andre fór til Lista for å treske korn. Det vert fortalt om ei jente som heim frå treskearbeid på Lista. Ho fann tre korn i sokken sin, og av desse fekk dei etter kvart såkorn i mengd på garden.

På 1800-talet fekk ein óg barnevandringane og tenestejentevandringar. Barn, serleg gutar, vandra til «Austlandet» for å gjete. Vaksne kvinnfolk dro likeeins austover og tok seg arbeid hos rikfolk i byane.

Vandringane tjente til å lette trykket på ressursane heime, og migrantane kom heim med pengar som trongs for å betale skattar og avgiftar.

Gjestebod, drikkekultur og «rei»

«I Eiken og Hægebostad drikkes meget brennevin når leilighet byr sig, ved barsel, likferd, bryllup og især i julen, det går da vilt til og kirkeferden på de store høitidsdager med sin ville tummel av sprengkjørte hester og halvdrukne folk hører ikke til lyspunktene i vårt liv,» heitte det hos ein forfattar sist på 1800-talet.

I mellomalderen hadde øl vore den viktigaste drikka til kvardag og fest, og det var påbode å brygge øl og halde øllag. I kystdistrikta hadde myndigheitane fått meir kontroll over alkoholbruken på 1700-talet; der hadde pietisme og nye skatte- og avgiftsreglar endra den gamle drikkekulturen. Den tradisjonelle drikkekulturen haldt seg imidlertid mykje lenger i bygdene våre. I Eiken haldt ein framleis øllag då Eilert Sundt besøkte bygda midt på 1800-talet, og folk der fortalde at dei



Tindfjell 1940, Foto: Hægebostad billedarkiv



Bryggesåhommen 1938, Foto: Hægebostad billedarkiv



Fylkesårsmøte i avhaldslaget fotografert på trappa til Tobias Eiken i 1931, Foto: Hægebostad billedarkiv



Ingeborg Neset med rokken ca 1925, Foto: Hægebostad billedarkiv



Karding og spinning på Eilevstad ca 1930, Foto: Hægebostad billedarkiv



Pløying då dei fann snartemosverdet i 1933, Foto: Hægebostad billedarkiv

hadde høyrte at kongen hadde befalt at ein måtte halde gjestebod med øl.

Kring 1900 vart det henta eit heilt hestelass med brennevin til Eiken og Hægebostad til jul. Til bryllaup skulle ein ha fire anker brennevin og to tønner øl, og ein skikkeleg dåp kravde eit halvt anker (18 liter) brennevin.

Eiken hadde fire gjestgjevarar i 1830-åra, på Skeie, Eiken, Meland og Haddeland. Sidan fekk ein ølhus. Sal av øl var lov, men det foregjekk også ulovleg handel med brennevin.

Det var ikkje berre i samband med gjestebud at folk drakk. «Moltepreikenen» i august, når moltebera vart mogne, var eit anna høve. Då samla ungdomen seg og gjorde kyrkjeferd til andre bygder. Dei hadde gjerne ein dag dei samla seg i Eiken og for i flokk til kyrkja i Hægebostad. Det var «Eikereiæ». «Hægebostareiå» var når folk derfrå dro til gudsteneste i Eiken, medan eikdølane tala om «Fjotlandsreiæ når fjotlendingane kom i kyrkjeferd til Eiken:

«Dei reid og skreik og hausta som dei var galne og drakk og slost, so det var ein skamm. Dei kappreid óg», heiter det om desse «reiene». Ein innsendar til «Vestlandsposten» klaga i 1881, med referanse til «Hægebostadreiå» over «det lave Trin af Dannelse, hvorpaa Folket her staar».

Den gamle livsverda

I 1877 mintest ein vandrar «En Fodtur fra Christianssand i 60-Aarene». Han hadde gått til fots frå byen til Setesdal, og derifrå gjennom Åseral og «det vakre Egen Sogn» til Hægebostad. Han gjekk dalevegen til Hægebostad, og på sletta mellom kyrkja og Prestegarden møtte han

«et Følge paa 20 á 30 pent klædte, kufteklædte Mænd og Kvinder, nogle gaaende, andre tilhest, alle mumlende paa en Salme. Vi vare vante til at blive praiede med de sædvanlige Spørmaal om «Kroppen», men disse ænsede os ikke. De kom fra Præstegaarden, og vi maatte op paa veikanten for at de kunde passere.»

Vandraren kom snart fram til prestegarden, der sokneprest Bergwits tok imot han. Vandringsmannen spurde om kva for følge som hadde gått forbi, men presten så berre rart på han og sa at det ikkje hadde vore nokon på prestegarden, og at det heller ikkje hadde vore nokon begravelse eller anna slags forsamling den dagen. I åra sidan undra vandraren seg stadig over dette:

«Hvad var dette, midt paa lyse Dagen, et saa stort Følge, der kommer forbi Præstegaarden og dog intet. Man siger jo riktignok, at der paa denne Slette i gamle Dage har staaet mangel en Kamp, og Gravhøier er der mange af, og at der af og til sees snart

et, snart andet der. Var det vi saa noget sligt fra gamle Dage?”

Det er ikkje godt å seie kva vandraren frå Kristiansand såg eller ikkje såg. Helst skal vi vel sjå episoden som eit resultat av ei samtid der eldre førestillingar framleis var levande. Gamle truar levde vidare, nokså upåverka av kyrkje og kristenliv, og slett ikkje berre i Hægebostad. «Liksovel som me er her, kann dei vera der,» sa ei kone frå ei av nabobygdene. Ho meinte dei underjordiske.

Den tradisjonelle førestillingsverda var prega av trua på underjordiske og andre makter, på attergangarar, og av idéen om magiske samanheng mellom menneske, dyr og ting. Natur og omgjevnader var besjelte.

Sume stader i landskapet var avstanden kort mellom verdene, og der kunne ein titt møte vetter og andre makter. Snar-temosletta og terrenget vidare til Oldesmonen på Gyberg var ein slik stad, og vandraren frå byen var ikkje den einaste som hadde treft på eit stort følge der. Nokre meinte at det var oskorreia.

Homstøl nord i Eiken var ein av mange stader der underjordsfolket hadde tilhald. Kvar gong nøklendingane kom til Homstøl med buskapan, ba dei vetefolket om stølsfred i nokre veker. Dersom dei ga seg til lenger, vart dyra så urolege at det ikkje var verande. Det ligg ein naturleg haug/kolle i Homstøldalen, han heiter Melhaugen. Folk meinte at han stod på gullstolpar kvar julaftan, og at dei underjordiske dansa under haugen då.

Det gjaldt å halde seg inne med maktene, anten det var risen i Kvitåfjellet i Landdalen som ga Eikenbonden ein heil flokk fine sauar og geitar i bytte mot ei ku, nøkken i Lygne eller fossekallen som kunne lære spelemenn slåttane deira, om dei berre betalte med å kaste kjøt i fossen til han. Dei som budde i gravhaugane, skulle også ha offer ved høgtidene. Vetehaugen på Haddeland fekk øl og lefse til jul, og på Fålandsrøysa helte dei gamle øl.

Magiske førestillingar gjennomsyra tilværa. Når barna felte si første tann, måtte ho brennast; kom ho bort, ville ikkje barnet få tenner att. På kyrkjegarden måtte ein ikkje slå gras. Det var ein bonde på Eiken som hadde gjort det, men da vart det så uroleg at kona i huset vart kasta frå vegg til vegg i låven når ho tok i kyrkjegardshøyet. Då dei så tok ut høyet og brende det, fann dei eit lite bein som hadde komme med høyet. Folk som var fødde på ein sundag, hadde ei eiga lukke med seg og så vidare og så vidare.

Ein kunna ta varslar av så mangt. Julaftan kunne ein ta «tvora» som hadde vore nytta til å røre i grauten, og gå baklengs andstølt kring badstova tre gongar. Gjorde ein det, ville den som ein skulle gifte seg med, komme og sleike tvora. Det heiter seg at då dei ein gong skulle bygge ny kyrkje i Eiken, la



Bjærum tidlig 1933, Foto: Hægebostad billedarkiv



Bjærum tidlig 1920 tall, Foto: Hægebostad billedarkiv



Bryggesåhommen



Bryggesåhommen



Dyrskue ved Eiken Kyrkje 1919, Foto: Hægebostad biledarkiv

STORE ENDRINGAR FRAM MOT ANDRE VERDSKRIGEN



Heimhenting av høy ca 1930, Foto: Hægebostad biledarkiv



Frå butikken til Jørgine Høyland ca 1923, Foto: Hægebostad biledarkiv

Nye kommunikasjonar

Det gikk nokså trått med vegutbygginga i dalen. Dalevegen til Farsund hadde vorte opparbeida såpass i 1830-åra at det var mogeleg å køyre på han med hjulreidskap. Delar av denne første «køyrevegen» er bevart, til dømes gjennom garden på Gysland, gjennom fornminnefeltet på Tingvatn og opp den bratte Nordneskleiva noko lenger nord. Etter kvart vart også dalevegen forlenga frå Bryggeså til Haddeland, og nokre av dei gamle vegane austover heia vart lagt om og dels gjort køyrbare.

Men ikkje sjeldan hende det at vegprosjekt som det skulle løyvast pengar til, vart stogga i heradstyret. Dersom dei meinte at noko var til fordel for folk i Hægebostad, stemte eikdølane imot – og motsett. Eigentleg fart i utbygginga av køyrevegar vart det først i tida etter Første verdskrigen, då Hægebostad og Eiken hadde skilt lag og vorte egne kommunar.

Rett før krigen hadde Conrad og Peder Lehne frå Lyngdal køyrt med automobil heile vegen opp til Bryggeså. Nokre år seinare tok også distriktslege Grønn på Tingvatn seg fram med bil ein del stader. Mange var framleis skeptiske til bilane, og heradstyret i Eiken vedtok på eit tidspunkt å seie nei til all køyring med bil på vegane i kommunen.

Men behovet for moderne og rask transport auka; frå Eiken og Hægebostad var produksjonen av tønne- og sterkvekst, og det same var etterspurnaden etter slaktedyr, og i begge

høve låg marknaden utanfor eigen bygd. Det vart også meir og meir vanleg at folk frå Eiken og Hægebostad hadde ærend i byen. I 1930, var ombygginga av Dalevegen fra Agnfest til Bryggeså ferdig.

Dei første rutebilane kom til Hægebostad kring 1920. Bernt Skeie køyrde fast til Kristiansand med ein ombygd lastebil som frakta gods og slakt, og passasjerar som skulle ta amerikabåten. Bilen hadde karbidlykter som ikkje alltid virka; ei gong hende det at Ola Gardsson Skeie måtte sitte framme på rutebilen og lyse med ei fjøslykt, og ei annan gong måtte ein av passasjerane, som hadde på seg ein kvit bluse som kunne skimtest i mørket, gå foran midt i vegen. Det kom også fast rutesamband med Farsund på denne tida.

Poståpneri hadde ein hatt på Tingvatn sidan tidleg i 1850-åra, med bipost til Lyngdal kvar uke. I 1890 kom eit nytt poståpneri ved Hægebostad kyrkje, medan Eiken fekk sitt tre år seinare. Snart fekk ein og rikstelefon, og til slutt – i 1921 når det gjaldt Eiken – elektrisk lys.


Det fekk store ringverknader for kommunen då Snartemo stasjon åpna i 1943 og Sørlandsbanen vart teken i bruk fram til Moi. Banen hadde vore under planlegging i mange tiår, og ulike konsept og traséar drøfta. Arbeida med dei lange tunnelane på kvar side av dalen, Hægebostadtunnelen og Kvi-nesheitunnelen, kravde ein arbeidsstyrke på over 800 mann, og så å seie kvart hus mellom Gysland og Birkeland hadde leigebruarar i desse åra. Ei arbeidsrute køyrde tur-retur seks dagar i veka.

Endringar i jordbruket

Jordbruket var i stor endring gjennom 1800-talet og fram mot Andre verdskrigen. Billeg importkorn førte til at innmarka vart omlagt til kunsteng med timotei og kløver, og ein la større vekt på husdyrhaldet. Nye husdyrraser, som lyngdalsfeet, ga betre avkasting enn dei gamle. Slåmaskinar og andre hjelpemiddel gjorde at hesten kunne ta over ein del av det arbeidet som måtte gjerast med handemakt.

Fram mot tidleg 1900-tal gjorde jordskifte slutt på småteigane, og kvart bruk fekk samla jorda, slik at kvar brukar kunne flytte ut frå det gamle klyngetunet og bygge moderne driftsbygningar på eigen grunn. Samstundes kom grøfting og nye gjødslingsmetodar, og mekaniske reiskaper (plogar, harvar og treskemaskinar) letta gardsdrifta. Jorda vart reinska for rudningsrøyser og steinen sprengt så moderne reiskaper kunne nyttast på åker og eng.

Hushaldet vart lagt om frå sjølvberging til sal av jordbruksvarer. Det vart meir lønnsamt å drive med husdyr og kjøpe maten hos kjøpmannen. Lokale meieri tok ein del av smør- og osteproduksjonen. Serleg etter Andre verdskrigen minnska korndyrkinga kraftig.



Ranghild Åvitsland spinn 1941, Foto: Hægebostad Biledarkiv



Artur Gysland ca 1912, Foto: Hægebostad biledarkiv



Rutebilen Hægebostad-Farsund, Jentefjellan Farsund 1940, Foto: Hægebostad billedarkiv



Bygging av jernbane på Snartemo i 190-åra, Foto: Hægebostad billedarkiv



Sethueset på Urevatn ca 1930, Foto: Hægebostad billedarkiv

Dei nye sparebankane – Hægebostad hadde fått sin på Tingvatn i 1864 – gjorde det mogeleg å skaffe kapital til desse endringane, medan andre hadde fått tilgang til pengar etter opphald i Amerika.

Kring 1900 tok fleire til å gjerde inn store områder med sommarbeite, og det vart slutt med både driftegjeting og gjeting heime på gardane.

Eit stort opplysningsarbeid låg bak mange av endringane i jordbruket. Serleg stor innverknad i Hægebostad fekk statsdyrskuet og kvegmarkedet på Tingvatn frå 1890-åra. Hit flytte ein også den gamle hestemarknaden, som fram til då hadde vore knytt til sommartinget.

Skogen fekk også meir å seie i desse åra. Lenge var fortenesta liten i skogbruket, serleg på grunn av den vanskelege vegen til kysten. Nå vaks det fram sagbruk fleire stader i kommunen, og ikkje minst vart produksjonen av tønnestav stor og viktig.

«Amerikafeberen»

Endringar i jordbruk og busetnad førte til mindre behov for arbeidskraft på gardane, både i Hægebostad og i distrikta lenger aust. Mindre gardar og plassar, ikkje minst på heia, vart nedlagde, og grunnlaget for barnevandringar og anna onnearbeid vart borte. Fleire stader i Hægebostad og Eiken kan ein framleis sjå tuftene etter husmannsplassane.

Mange reiste frå kommunen, anten til Kristiansand eller andre byar, eller til Amerika. Då det vart skifta etter Ole Larsson Bjærum i 1862, vart det opplyst at sonen Lars var sjømann og budde på Ågerøya ved Lillesand, medan døtrene Barbro og Gunhild var i Amerika.

Og nettopp til Amerika var det mange som drog; Berre frå Eiken utvandra over 900 personar i åra frå 1846 til 1965. Den første utvandrareren ein kjenner til, var Asbjørn Andersson Vatne i 1846. Frå garden Vatne åleine kom det til å utvandre så mange som 71 menneske.

Innbyggartalet i Hægebostad nådde eit høgdepunkt kring 1890, då bygda hadde eit folketal på 2125, før det avtok gradvis fram mot mellomkrigsåra, då utbygginga av Sørlandsbanen førte til ny vekst.

Spesielt for landsdelen var det at utvandringa ikkje stogga i mellomkrigsåra, men haldt fram etter Andre verdskrigen. Mange vart igjen i Amerika, men ein del kom også att med nye impulsar og idéar. Eit kuriøst døme på at påverknaden også kunne gå motsett veg, er den lutheranske kyrkja i Inwood, Iowa, som vart bygd med Hægebostad kyrkje som modell.

Organisasjonsliv

Tradisjonelt hadde familie, slekt, gard og grend vore utgangspunkt for sosial omgang og fellesskap. Men i andre halvdel av

1800-talet vaks det fram eit omfattande foreiningsliv, og det vart bygd forsamlingshus av ulike slag rundt i bygdene. Dei nye rørsle – ungdomsrørsle, avhaldsrørsle, lekmanrørsle, skyttarlag, idrettslag og politiske parti – representerte noko nytt, som samla folk på tvers av gamle einingar.

I Eiken vart avhaldslag skipa så tidleg som i 1840. Frå Hægebostad høyrer vi 20 år seinare at det «af omtrent 20 familie-fædre (er) indgaaen forening mod bruk af brændevin ved barnedaab, bryllup, begravelse samt i julen».

Religiøse vekkelse spelte ei viktig rolle i kommunen. Den første «bygdetalar», i motsetnad til utenbygds emissærar, skal ha vore Ånen T. Klungland, som fekk ei religiøs openbaring på veg heim over Kvinesheia med fela på armen ein gong rundt 1810. Ein større vekkelse fann stad i 1873-1874, då Lars Oftedahl var vikarprest i Hægebostad.

Bedehus vart bygde på Snartemo, Birkeland, Tveitosen og Nøkland. Misjonsforeingar og kvinneforeiningar fekk også stor betydning.

Seinare kom den frilynte ungdomsrøsla, med ungdomshuset Skogtun på Skeie.

Før Andre verdskrigen vart det óg skipa idrettslag og skyttarlag i kommunen.

Skulestellet

«Hvad Oplysning angaar, kan man vistnok medrette henføre Hægebostad- og Egedølerne til de mere tilbælgiggende Folk i vort Land», heitte det i «Vestlandsposten» i 1881, og «en daalig indrettet Almueskole» fekk skylda.

Før Eiken sin del syner skuleprotokollane frå 1850-åra at barna kunne vere borte i opptil to tredelar av skuletida. Årsaka var mellom anna at foreldra heldt barna heime når det var viktig arbeid som skulle gjerast men og at ein del ungar mangla klede og skor på grunn av utbreidd fattigdom.

Omgangsskule hadde vore lovpålagd sidan 1739, men det ser ut til at det først var etter 1814 at opplæringa vart sett i system i våre bygder, og lærarar tilsette. Dei to lærarane i Eiken skulle få ein skilling om dagen for kvar elev som lærte å lese, og to skilling om han eller ho også lærte å skrive. Den gongen var skuletida berre tre veker i året, så lønna vart vel heller liten.

Eiken var delt i to omgangsskuledistrikt, og Hægebostad i tre. Kwart av distrikta var delte i tre roder, som var opphavet til dei seinare skulekrinsane). Når læraren kom til ein gard, vart han verande der ein, to eller tre dagar. Så drog han vidare til han hadde vore hos alle i roden.

Hægebostad fekk sitt første faste skulehus i 1850. Huset var både skulestove og klokkarbolig, og læraren fekk den faste skulen, ein omgangsskulerode og stillinga som klokkar. Slik var det lenge. Frå 1860-åra vart det vanleg med faste, leigde

lokaler i krinsane, og frå 1880-åra bygde dei egne skulehus i krins etter krins. Skuleutbygginga kom etter statlege føringar, og dei nye skulane vart heilt like.

I Eiken vart det bygt fem skulehus i løpet av den korte tida mellom 1892 og 1895, medan Kvåle krins fekk sin skule først i 1903. Nokre av krinsane sør i kommunen var tidlegare ute; Røyselund fekk skulehus i 1887, Bjærum (på Tingvatn) i 1888 og Kollemo i 1891.

Dei minste krinsane vart nedlagde då folketalet og talet på barn minka; Espeland alt i 1908 og Gysland i 1911.



Sundagsskolen på Fåland 1953, Foto: Hægebostad billedarkiv



Aspågeren på Lauen ca 1910, Foto: Hægebostad billedarkiv



Delar frå flyvraket ved Tindfjell, Foto: Olav Eiken



Kommunehuset, Foto: Hægebostad kommune

NOKRE HOVUDTREKK VED UTVIKLINGA ETTER 1945



Bensinstasjonen på Birkeland ca 1953, Foto: Hægebostad billedarkiv



Transport av tunellmasse frå Hægebostadtunnelen 1936, Foto: Hægebostad

Krigen hadde prega også Eiken og Hægebostad. Tyskarane hadde vore synleg til stades, serleg på Snartemo i samband med den viktige jernbaneutbygginga, og der hadde det også vore russiske fangar. Tyskarane bygde også ein sidebane frå Snartemo til Jåddan. Motstandsørsla hadde vore aktiv, og ein av leiarane, Pål Eiken, vart til slutt tatt av tyskarane og døydde etter langvarig tortur på arkivet i Kristiansand i 1944.

Etter krigen vaks Snartemo fram som eit lite sentrum, og inntekter frå folk som var knytta til Sørlandsbanen, eller arbeide på kraftanlegg i nabobygdene førte til ein styrka kommuneøkonomi. Ein viss militær verksemd fekk ein også i Hægebostad, ettersom ingeniørdistriktslageret for Sørlandet vart lagt til Tingvatn på 1950-talet.

Tingvatn hadde fått fleire offentlege funksjonar lagt til seg i tida fram til Første verdskrigen, då Hægebostad og Eiken var ein kommune. Det skuldast først og fremst at staden låg greit til, både for folk nord og sør i kommunen. På Tingvatn låg såleis både tingstaden, rettslokalet, banken, posten og distriktslegekontoret.

Då Eiken og Hægebostad skilte lag i 1916, vart dei offentlege funksjonane gradvis flytta frå Tingvatn. For Eiken låg Skeie meir sentralt, medan Birkeland var lettare å komme til frå dei fleste stader i Hægebostad. Birkeland vart difor sentrum for «nye» Hægebostad, med fleire handelsmenn, moderne slaktehus, postkontor og telefonsentral. Her kom også kommunehuset, som stod ferdig i 1964.

I 1963 vart dei to kommunane sammenslegne igjen. For å minske konfliktnivået mellom nord og sør i storkommunen vart det frå då lagt opp til ein funksjonsdeling, slik at helsestellet vart lokalisert i nord og administrasjonen i sør.

Skulestellet vart sentralisert. Spørsmålet om kor mange skulehus ein skulle ha og kvart dei skulle plasserast, hadde etter krigen vore det viktigste temaet i skulestyret i Eiken. Nord i kommunen fekk eit par krinsar nye skulebygg på 50-talet, men i 1967 vart alle skulane i bygda samla i nytt sentralskulebygg i Tveitosen. Lenger sør i kommunen hadde Kollemo fått nytt skulehus i 1954, og nokre år seinare vart alle elevar frå gamle Hægebostad overførde til Kollemo. Frå 1970 fekk ein også felles ungdomsskule med Audnedal og Åseral på Byremo.

Busettingsmønsteret i kommunen var framleis spreidd, sjølv om det gjekk føre seg noko bustadfeltutbygging på Snartemo, på Kollemo – Birkeland og på Skeie – Eiken. Først i 2018 fekk Hægebostad kommune ein tettstad, slik det vert definert av Statisk sentralbyrå. Då hadde Skeie med sine 211 innbyggjarar nådd ein viss storleik og fått ein bymessig bebyggelse.

Ein fekk etter kvart eit livskraftig næringsliv utanom jordbruket, med store bedrifter som Eiken mekaniske verksted, Eikås Sagbruk, Sørlandets rehabiliteringssenter, Hamran kjøkken og Hamran Sagbruk & Høvleri.

Hægebostad i dag

Hægebostad er ein typisk innlandskommune i Vest-Agder. Kommunen skil seg ut ved å ha ein stor andel arbeidsplassar innan primærnæring og industri, og er faktisk ein av dei mest industritunge kommunane i landet.

Innbyggjartalet har variert noko, men med ein positiv tendens dei siste åra.

Kommunen har i likskap med heile Listerregionen utfordringar knytt til levekår. Hægebostad kjem dårleg ut på likestillingstabellane og har og utfordringar knytt til utdanning og unge uføre. Fråflytting av yngre kvinner blir sett på som ei særleg utfordring.

Kommuneplanen for perioden 2013-2023 har som overordna målsetting at Hægebostad gjennom målretta arbeid skal verte ein attraktiv tilflyttingskommune med minimum 2% befolkningsvekst kvart år, og med spesielt fokus på tilflytting av yngre kvinner.



Frå bygginga av stasjonsområde på Snartemo, Foto: Kommunens billedarkiv



Bygdemuseet på Tingvatn , Foto: Lasse Norlemann Mathiesen



Murhus på Snartemo , Foto: Lasse Norlemann Mathiesen

PLAN OG PROSESS





Frå utløpet av Lygne



Frå befarung på Snartemo, Foto: Katja Regevik

Mål

Det overordna målet med planen er å forvalte kulturminna i kommunen på ein slik måte at dei kan vere til nytte og glede for noverande og kommande generasjonar. Planen skal vere eit dokument som synleggjer kulturarven, set fokus på å ta vare på kulturminne og formidlar historie og identitet. Kulturminneplanen bør nyttast aktivt i turisme og reiseliv, skape engasjement rundt kulturminne og sette fokus på kulturminne som kanskje ikkje vert oppfatta på som eit kulturminne enno. Kulturminne er mykje meir enn dei automatisk freda kulturminna.

Planen er ei oversikt over det som skapar identitet, og skal vere med å auke interessa for kulturminne og lokal historie hos folk i Hægebostad. Kulturminne og kulturmiljø gir menneske forankring i tilværa. Det er ein felles kunnskaps- og erfaringsbank, og dei er møteplassar mellom fortid, notid og framtid.

Plantype og avgrensing

Kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø (kulturminneplanen) skal vere en tematiske plan som omfattar heile kommunen. Planen tek utgangspunkt i eksisterande kunnskap og tilgjengelege registreringar, men i handlingsdelen vert det m.a. skissert eit vidare opplegg for kulturminnetypar og område som er dårlig kjent.

Planen omhandlar kulturminne frå både eldre og nyare tid. Det er lagt vekt på å finne fram til miljø der kulturminne inngår i ein større samanheng.

Kulturminneplanen skal vere retningsgjevande for byggesaksbehandling og planarbeid i kommunen.

For å sikre utvalde og prioriterte kulturminne og kulturmiljø etter plan- og bygningslova, bør desse visast som omsynsso- ne i kommuneplanen sin arealdel.

Prosess og medverknad

Arbeidet med kulturminneplanen er politisk forankra i Planstrategi for Hægebostad kommune 2016-2019, vedtatt i kommunestyret 08.12. 2016. Hægebostad, Åseral og Audnedal samarbeida om felles planleggjar. Felles planleggjar søkte tilskot frå Riksantikvaren til arbeidet med kulturminneplanar for dei tre kommunane, og fekk tilskot på kr.100 000,- til kvar kommune, samt ekstratilskot på kr. 200 000,- til samarbeidsprosjektet. Arbeidet med sjølve kulturminneplanen tok til i juni 2018. Frans-Arne Hedlund Stylegar i Multiconsult vart engasjert som kulturminnefaglig rådgjevar og har ført planen i pennen.

Ein kulturminneplan er avhengig av lokal forankring og kunnskap, samt involvering frå frivillige lag og foreiningar. Sogelaga i kommunen og Tingvatn fornminnepark/Vest-Agdermuseet har derfor fore representert i gruppa som har arbeidd med planen.

Arbeidsgruppa har vore samansett slik:

Ståle Olsen (Hægebostad kommune)

Katja Regevik (Tingvatn fornminnepark)

Olav Eiken – (Eiken sogelag)

Erling Stokkeland – (Hægebostad sogelag)

Maren Holte – (Felles planressurs/prosjektlear)

Prosjektlear har vore med på samlingar og kurs om kulturlandskap, kulturminne og tilrettelegging. Arbeidsgruppa har vore på synfaring, hatt arbeidsmøter på Tingvatn, og deltatt på ein felles temasamling med arbeidsgruppene i Audnedal og Åseral kommune og Vest-Agder Fylkeskommune, der tema var handlingsplan.



Potetkjellar på Skytel, Foto: Olav Eiken



Kvernhusmurar på Garden Eiken, Foto: Olav Eiken

Forholdet til andre planar og lovverket

Kommunale planar

Samfunnsdelen av kommuneplanen (2013-2023) har «Saman om ei positiv utvikling!» som visjon, og det heiter i planen at Hægebostad skal vere ein stolt og samla kommune, som får vekst basert på samspel mellom fortida og framtida. Planen peiker på at kommunen er «kjend for sine flotte kulturminne, særleg Snartemosverdet».

Vidare vert det fokusert på ynskjet om å skape eit godt om-dømme og gode vilkår, og på den måten legge til rette for auke i folketal og meir trivsel.

Det er eit sterkt ynskje i kommunen om å skapa eit godt om-dømme og gode vilkår slik at ein får stabil befolkningsauke og trivsel i kommunen. Kommunen ynskjer ei bærekraftig utvikling, trygge og levande lokalsamfunn, attraktive bustad-område og trygge møteplassar. Kommunen ynskjer å fokusere på trygge oppvekstmiljø som inviterer til ei aktiv fritid og fremmar god helse og trivsel.

Fleire av tiltaka i kommuneplanen er relevante for kulturminneplanen:

- Aktiv marknadsføring av kommunen gjennom ein eigen marknadsføringsplan
- Stimulere naturbasert næringsutvikling og til rydding av kulturlandskap og ferdselsveggar/turstiar med nødvendig skilting, parkeringsplasser m.v. etter avtaler med grunneigarane
- Utarbeide strategi for å gjere barn og unge stolte av kommunen si historie og glade i kommunen som oppvekstkommune
- Samarbeide med lag og foreiningar om å legge til rette for lågterskel friluftaktivitetar

- Tilrettelegge for uteaktiviteter med spesielt fokus på skule og barnehage
- Legge spesiell vekt på å sikre samanhengande turstiar i nærområdet i arealplanlegginga.

Regionale planar

Den regionale strategien Kulturarv 2020 vart vedtatt i fylkestinget i 2014, som ei oppfølging og konkretisering av målsettingene i regionplan Agder. Dokumentet stakar ut kursen som fylkeskommunen skal følgje i tida framover. Strategien skal sikre at kulturarven i Vest-Agder vert tatt vare på, formidla og nytta på ein effektiv og god måte. Eit hovudgrep er m.a. å sørge for betre lokal forankring gjennom samarbeid med kommunar og frivillige organisasjonar.

Regionplan Agder 2030 vart vedteken i 2019. Forvaltning og bruk av kulturminne er relevant for flere av satsingsområde i regionplanen, serleg «Kultur» og «Attraktive og livskraftige byer, tettsteder og distrikter».

Heiplanen (2012) er ein regional plan for heiområdene Setesdal Vesthei Ryfylkeheiene og Setesdal Austhei. Målet med planen er at fjellområda skal tas vare på som leveområde for sårbare artar, som regionalt og nasjonalt rekreasjonsområde og som næringsgrunnlag for levande bygder.

Samarbeidsavtale med fylkeskommunen

Hægebostad har ein skriftlig samarbeidsavtale med fylkeskommunen (vedtatt i kommunestyret 6. desember 2018). Dokumentet inneheld fleire relevante punkter for kulturminneplanen.

Partane vil arbeide aktivt for at Hægebostad tar vare på sin kulturhistoriske arv.

Det heiter at kulturminneplanen vil «være et godt utgangspunkt for at kommunens kulturminner og kulturmiljø får en tydeligere plass i saksbehandling og arealforvaltning i kommunen», og at planen vil vere «et godt verktøy for videre avklaringer om museumsutvikling i kommunene, samt tilrettelegging og formidling av kommunens historie, og vi-



Informasjonstavle Snartemo

dereutvikling av Tingvatn forminnepark og besøkssenter IKS».

Kommunen og fylkeskommunen er medeigarar i Vest-Agdermuseet IKS, og partane er opptekne av at museet vert utvikla vidare i samarbeid med frivillige aktørar som er opptekne av å formidle kulturhistoria til Hægebostad.

Om Tingvatn heiter det at staden er «den kulturelle møteplassen som kommunen og fylkeskommunen samarbeider om å vidareutvikle».

Frå 2019 er Tingvatn Fornminnepark konsolidert avdeling av Vest-Agder museet

Nasjonale forventningar

Dokumentet Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 inneheld ulike moment med relevans for kulturminnefeltet. Her vert det t.d. peikt på at det er kommunane som har hovudansvaret for å identifisere, verdsette og forvalte verneverdige kulturminne, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap.

I Riksantikvaren sin strategi for arbeid med kulturarv i kommunane vert det anbefalt at kommunane har tilstrekkelege rammer for arbeidet, at ein samhandlar med eigarar, frivillige miljø og næringsliv, og ser kulturminna i samheng med andre samfunnsområde.

Lovverket

Både nasjonale og internasjonale avtaleverk forpliktar oss til å ta vare på viktige kulturminne. Nedanfor vert dei to viktigaste lovene i denne samanhengen omtalt, med ei kort skildring av kva dei omfattar. Kulturminnelova er ei særlov og dermed overordna plan- og bygningslova. I tillegg til nasjonale lovverk finst internasjonale konvensjonar og avtalar som Noreg har forplikta seg til å følge.

Kulturminnelova vert forvalta av Riksantikvaren på nasjonalt nivå, og fylkeskommunar, sameting, arkeologiske landsdelsmuseum og sjøfartsmuseum på regionalt nivå. Kommunane sitt viktigaste reidskap for å ta vare på kulturminne, er plan- og bygningslova.

Kulturminnelova



Redskap for pløying, Foto: Frans Arne Stylegar

Kulturminnelova sitt føremål (§1) er at «kulturminne og kulturmiljø skal vernast som del av kulturarven vår og identiteten vår, og som ledd i ei heilskapleg ressursforvaltning. Det er eit nasjonalt ansvar å «ivareta desse ressursane som vitenskapleg kjeldematerial og som varig grunnlag for nolevande og opplevinga til framtidige generasjonar, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Når det etter anna lov vert gjort vedtak som påverkar kulturminneressursane, skal det leggjast vekt på føremålet til denne lov.»

Lova vert forvalta av Klima- og miljødepartementet som overordna styremakt, med Riksantikvaren som fagleg sekretariat og overordna direktorat for den utøvande verksemda, og med fylkeskommunane, Sametinget og dei arkeologiske og marinarkeologiske musea som regionale forvaltingsledd.

Kulturminnelova vert ikkje forvalta av kommunen, men kan påverke saker kommunen skal handsame, mellom anna etter plan- og bygningslova. Kommunen må forhalde seg til kulturminnelova i alle saker der freda bygningar, anlegg eller miljø er rørt, og må dessutan melda frå til kulturminnestyresmakta dersom ikkje-freda bygningar frå før 1850 vert planlagt rivne eller vesentleg endra.

Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova inneheld fleire paragrafar som omfattar vern av kulturminne, kulturmiljø og landskap. I dei kulturminnesakene som vert handsama av Hægebostad kommune, må dei krav som vert stilt, vere heimla i plan- og bygningslova. Dette omfattar enkeltsaker som bygge- og rivesaker, konsekvensutgreiingar og forslag til reguleringsplanar.

I plandelen er §3-1, 11-8, 11-9, 12-6 og 12-7 aktuelle, i dei dei omfattar regulering til bevaring gjennom omsynssoner.

Byggesaker som omfattar kulturminne, vert handsama etter §31-1, som seier at «ved endring av eksisterande byggverk, oppussing og rehabilitering skal kommunen sjå til at historisk, arkitektonisk eller annan kulturell verdi som knyter seg til tyret til bygget, så vidt mogleg vert verna.»

Ansvar for planlegging og byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova ligg hjå kommunestyret.

Internasjonale avtalar

På internasjonalt nivå finst fleire avtalar som Noreg har slutta seg til, og som gir føringar spesielt på statleg nivå; men der det for eit nærare spesifisert fagområde – i dette tilfellet kulturminnevern – òg kan leggja viktige føringar for lokal handtering:

- UNESCO-konvensjonen (1972) om vern av verdens natur- og kulturarv, som knyt saman vern av naturen med vern av kulturminne
- Den europeiske landskapskonvensjonen (2004), der føremålet er å verne, forvalte og planlegge landskap og organisere europeisk samarbeid på desse områda
- Venezia-charteret (1964) inneheld prinsipp for konservering og restaurering av kulturminne
- Malta-konvensjonen (1992) føreset at den arkeologiske kulturarven skal vernast som kjelde til det europeiske minnet og vere eit utgangspunkt for historiske og vitskaplege studiar.

Konsekvensar av planen

Kulturminneplanen har fleire funksjonar. Den skal vera med å gjera oss medvetne på kva kulturhistoriske verdiar vi har i vår eigen kommune og korleis vi kan forvalta dei til beste for oss sjølve og framtidige generasjonar.

Dei prioriterte kulturminna og kulturmiljøa er først og framst kommunen si eiga oversikt over lokalt viktige objekt og miljø. Dei skal forvaltast lokalt, og i samarbeid med aktørar som fylkeskommunen. Oppføring i planen inneberer ikkje at kulturminne og kulturmiljø vert «freda».

Kommunen skal sikre prioriterte kulturminne og -miljø gjennom bruk av omsynssoner (plan- og bygningslova § 11-8) i arealdelen til kommuneplanen og gjennom regulering. Dette gjer det mogleg å handsame kulturhistorisk viktige bygningar og anlegg som ein del av miljøet dei inngår i, og det set kommunen i stand til å planleggje langsiktig.

Planen har også ein eigen handlingsdel. Oppfølginga av denne kviler både på fylkeskommunen, kommunen og innbyggjarane. Tilgang på ressursar til oppfølging vil i kommunen vere avhengig av dei årlege budsjettvedtaka i kommunestyret.

Planen skal også vere eit godt grunnlagsdokument for å søke på nasjonale og regionale midlar til oppfølging og forvaltning av ulike kulturminne i kommunen.

Rullering

Rullering av kulturminneplanen skal vurderas i planstrategien kvart fjerde år. Handlingsplanen skal vurderas i kommunen sitt årlege budsjett og økonomiplan.



Gamle handverks-tradisjonar, Foto: Katja Regevik

Status og utfordringar

Kva er eit kulturminne?

Kulturminnelova definerer kulturminne som «alle spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø.» Det er denne definisjonen som ligg til grunn for forvaltinga av dei materielle kulturminna.

Forvaltinga skil mellom automatisk freda kulturminne (òg kalla førreformatiske kulturminne) og kulturminne frå nyare tid.

Ein skil også mellom faste kulturminne (buplassar, gravhaugar, bygningar, vegar, hellarar osv.), lause kulturminne (gjenstandar) og immateriell kulturarv.

Automatisk freda kulturminne er eldre enn 1537 (reformasjonen), med unntak av ståande bygningar (1650) og kulturminne i vatn og vassdrag (eldre enn 100 år). Automatisk freding gjeld sjølve kulturminnet og ei sikringsone på minst fem meter kring det.

Kulturminne frå nyare tid er frå perioden etter 1537 og fram til vår eiga tid. Døme på slike kan vera bygningar og bygningsmiljø, husmannsplassar, stølar og vegar. Kulturminne frå nyare tid kan fredast etter vedtak eller føresegn, eller sikrast gjennom plan- og bygningslova.

Kulturmiljø er område der kulturminne er del av eit større heile eller ein vidare samanheng. Kulturmiljø vert avgrensa gjennom ei samla vurdering av kulturhistorie, kulturminne og tidsdjupn i eit område.

Kulturlandskap er alt landskap som er prega av menneskeleg verksemd. Termen vert nytta når ein fokuserer på menneskeleg påverknad av landskap, og ein nyttar han ofte om jordbrukslandskap, stølsvollar osv.

Immaterielle kulturminne er kultur-ytringar som kunnskap og ferdigheiter innan handverk, dans, musikk, tradisjonar, eller skikk og bruk.

Når det gjeld verdsetting av kulturminne nyttar Riksantikvaren tre verdinivå: nasjonal, regional og lokal verdi.

Verdien vert knytt til omgrep som oppleving, kunnskap, identitet, estetikk og bruk – og så kjem konkrete eigenskapar ved det enkelte kulturminnet, til dømes alder og kor sjeldan det er.

Utviklingstendensane i kulturminneforvaltinga har dei siste 150 år gått frå eit fokus på arkitekturhistoriske enkeltmonument, som stavkyrkjene og objekt frå embetsmannskulturen (bonde- og bykulturen), til ein meir representativ dokumentasjon av vår felles, bygde historie. Verdier knytt til immaterielle kulturminne og handlingsboren kunnskap har òg fått meir prioritet dei seinare åra.



Ferdelsveg Bjærum

Utfordringer

Det er eit nasjonalt mål å minske det årlege tapet av viktige kulturminne, og dei nasjonale målsettingene seier m.a. at tapet av verneverdige kulturmiljø og kulturminne ikkje skal vere større enn ein halv prosent i året, og at kommunal planlegging skal vere med på å sikre viktige kulturminne.

Men i Agder som elles i landet forsvinn mange kulturminne. Det har vist seg at det største tapet av kulturminne skjer i kommunar som ikkje har eigne kulturminneplanar, og der ein ikkje avklarar interessekonfliktar på førehand eller hand-samer saker etter lovverket. Det er ei generell utfordring at kulturminne og kulturminnevern ikkje er eit tydelig politikk- og fagområde i kommunane. Mellom anna derfor er lokale kulturminneplanar eit satsingsfelt for nasjonale og fylkeskommunale myndigheiter.

Innanfor miljøovervåkingsprogrammet «Gamle hus da og nå» (Riksantikvaren) kontrollerte ein bygningar i Sefrakregisteret (eldre enn år 1900) i 18 utvalde kommunar, m.a. Gjerstad i Agder. Frå programmet starta i 2000 og fram til 2014 vart nestan ein firedel av bygningsmassen tapt. Av dei bygningane som var att i 2014, hadde nær halvparten vore gjennom endringar/ombyggingar. Tapet var størst innanfor utmarksbygningar og større driftsbygningar i landbruket. Tilsvarende tal har vi ikkje for Hægebostad, men det er ingen grunn til å tru at dei er serleg anleis.

Riksantikvaren har i nokre år publisert statistikk med oversikter over dei «beste kulturminne-kommunane». Oversiktene tar utgangspunkt i kommunane si eige Kostra-rapportering, og stiller spørsmål om kommunen har laga kulturminneplan, om ein har eigen kulturminnefagleg kompetanse, om ein har sett av pengar i budsjettet til kulturminne osv. Ein kan maksimalt få ein score på 9 poeng. Hægebostad scorar dårleg på statistikken: Både i 2016 og 2017 fekk kommunen 0 i score.

Det er likevel viktig å vere klar over at kulturminnevern i breid forstand rommar mykje som ikkje vert målt i slike «kåringar», som til dømes det store og viktige arbeidet som

vert gjort av frivillige i sogelag og andre foreiningar. Slik er det også i vår kommune. Det er kommunen som organisasjon som får låg score, ikkje kommunesamfunnet.

Kjende kulturminne og datagrunnlag

Askeladden

Askeladden er Riksantikvaren sin offisielle database over freda kulturminne og kulturmiljø. Databasen inneheld data om kulturminne som er freda etter kulturminnelova, verna etter plan- og bygningslova eller vurdert som verneverdige. Basen omfattar arkeologiske kulturminne, kulturminne frå nyare tid som er freda, og listeførte kyrkjer. Askeladden er først og fremst eit verktøy for kulturminneforvaltninga, óg i kommunen, men registreringane er likeeins tilgjengelege gjennom Kulturminnesøk, som er ei kartbasert nettside med opplysningar om så vel freda kulturminne som slike som ikkje er freda, og der brukarane sjølve kan leggje til kulturminne med beskriving og bilete.

Automatisk freda kulturminne

For Hægebostad inneheld Askeladden 837 arkeologiske enkeltminne fordelt på 575 lokalitetar. Av desse er 344 automatisk freda, det vil seie at dei er frå tida før reformasjonen (1537).

Gravminne (gravhaugar og –røyser, bautasteinar og steinsettinger) utgjør hovudmengda av dei automatisk freda kulturminna i kommunen. Gravminna på Gyberg (Oldesmonen), Tingvatn, Bjærum, Eikeland (Kongshaugan) og Bryggeså er mellom dei best kjende av desse. Nokre eldre ferdsselsvegar er også automatisk freda (Verdalsheivegen, Kvålesheivegen, Røddevegen gjennom Lidraget, Prestevegen over Kvinesheia og delar av den gamle dalevegen på Gysland og Jåddan).

Automatisk freda er også dei eldre delane av kyrkjegardane i Eiken og Hægebostad.

Det er óg registrert ein del kulturminne med uavklart vernestatus, til dømes tidlegare stølsområde som kan inneheld spor frå før-reformatorisk tid. Databasen inneheld også ein del funnstader og fjerna kulturminne, så som dei sers viktige funnstadene for Snartemo-funna.

Bygningar frå perioden 1537-1650 kan verte erklært automatisk freda av Riksantikvaren. Gamlestoga Der Heima på Gysland er årringsundersøkt, og inneheld fleire laftestokkar frå 1500- og 1600-åra, men er ikkje erklært freda. Desse stokkane er gjenbrukt, og skal vere komne frå Hægebostad prestegard.

Vedtaksfreda kulturminne

Kulturminne frå nyare tid (dvs. etter 1537), oftast bygningar, kan verta freda gjennom vedtak. Det er ingen vedtaksfreda bygningar i kommunen.

Kulturminne freda ved forskrift

Kulturminne eigde av staten kan verte freda gjennom forskrift. I Hægebostad er Naglestad brøyttestasjon (1943) med garasje og forlegningsbrakke freda som ein del av Statens vegvesen sin landsverneplan.

Landsverneplanen for jernbanen (Liste over vernede og verneverdige objekter og miljø, 2012) omtalar Snartemo stasjon, og føreslår at han vert sikra gjennom plan- og bygningslova.

Listeførte kyrkjer

Ei listeført kyrkje er vurdert som verneverdig av Riksantikvaren. Desse kyrkjene er ikkje freda, men alle saker som gjeld endringar i eller ved ei listeført kyrkje, skal verte vurdert av kulturminneforvaltninga. Alle kyrkjer oppførte mellom 1650 og 1850 er listeførte, og det same gjeld ein del kyrkjer bygd etter 1850.

I Hægebostad er Eiken kyrkje (1817) og Hægebostad kyrkje (1844) listeførte.

Sefrak

Sefrak (av Sekretariatet For Registrering Av faste Kulturminner) er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og andre faste kulturminne. Det omfattar opplysningar om alle bygningar eldre enn år 1900, og som i dei fleste tilfelle ikkje er underlagt nokon form for formelt vern. Sefrak-registreringane er mellom anna tilgjengelege gjennom ein wms-teneste i Askeladden.

Det er registrert 429 stående bygningar i Hægebostad i Sefrak-registeret. Dei fleste av desse bygningane er knytte til gardstun, men det er og registrert ein heil del utløer og andre utmarksbygningar. Mange av dei Sefrak-registrerte bygningane er frå før 1850, og dersom ein vil gjere endringar på desse, skal kulturminneforvaltninga vurdere saka.

Kulturminne på museum

Nokre verneverdige kulturminne (bygningar) har vorte del av eit museum, og har derfor ikkje nokon formell vernestatus. På Tingvatn står eit dobbelthøgda setehus frå Vatne, som vart flytt til staden i byrjinga av 1960-talet og tatt i bruk som museum. Utanfor huset ligg ein spesiell stein med innskrifter. Den var opphavleg dørstein på Nerstøl, og har ein innskrift på norsk og ein med runer. Desse er hogd inn i 1754 av lensmann Knut Ellingsson Nerstøl, som henta den ved Gjestebodmyra på Verdal.

På Tingvatn står også Røyseland skulehus frå 1879, flytt hit i 2009, samt to utløer frå Osen i Eiken og Naglestad.



Heddan, Foto: Erling Stokkeland



Utsikt mot sør over Gybergsletta,

Nokre bygningar frå Hægebostad er flytt mykje lenger. Norsk Folkemuseum i Oslo har eit bur frå Hobbesland, som vart flytt i 1930. Hobbeslandsburet er eit langbur i ei høgd, med to rom – eit til matvarer og eit til klede. Det er truleg frå 1651, å dømme etter eit årstal som er rissa inn i dørstokken.

På Kristiansand museum (friluftsmuseet) er det bygningar frå Eiken som utgjer «Vest-Agder-tunet». Setehus, bur, løe og fjøs/stall vart flytta frå Nedre Eiken til museet i 1957. Buret og fjøset er årringsdaterte til ca. 1870.

Kommunalt vern

Kommunen har sjølv sikra einskilde viktige kulturminne og -miljø ved hjelp av plan- og bygningslova, anten gjennom regulering til spesialområde bevaring (før 2008) eller ved å syne dei som omsynssone i ein reguleringsplan.

Det gjeld desse planane:

- Delar av Bakken, Eikeland og Lien (plan-id 1034_03900, 2001), automatisk freda kulturminne (bygdeborg, gardsanlegg)
- Eiken næringspark (plan-id 1034_04800, 2013), automatisk freda kulturminne (skålgropstein) og veganlegg (del av Kvålesheivegen)
- Reguleringsplan for Tingvatn fornminnepark og besøkssenter (plan-id 1034_06000, 2006),
- Kommunedelplan Eiken heiemark (plan-id 1034_90500, 2010), automatisk freda kulturminne (Kvålesheivegen og Verdalsheivegen)
- Kommunedelplan Tingvatn Snartemo (plan-id 1034_90600, 2019), automatisk freda kulturminne (Storhaugane på Snartemo, Fornminnefeltet på tingvatn)

I tillegg er kjende automatisk freda kulturminne synt som omsynssoner i kommunedelplanen for Eiken (plan-id 1034_90100, 2013). Denne planen har også lagt omsynssoner

rundt utvalde kulturlandskap, der det skal takast serleg omsyn til kulturlandskapet.

Landskapsvernområdet Setesdal vesthei Ryfylkeheiane

Vern av kulturminne er ein del av føremålet med Setesdals Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde, som vart oppretta i 2000. Området er på 2 385 km² og omfattar delar av Hægebostad.

Det er utarbeidd ein skjøtselsplan for den delen av verneområdet som ligg i Hægebostad.

Kommunen si rolle

Kommunen som myndigheit

Som planmyndigheit har kommunen ei sentral rolle i forvaltninga av kulturminne. Dei lokale planleggingsprosessane kan vere gode arenaer for aktiv medverknad for innbyggjarar, kulturminneforvaltninga, sogelag og andre interesserte.

Myndigheit og forvaltningsansvar for kulturminne er delt mellom stat, fylkeskommune og kommunar. Fylkeskommunen sin kulturarvstrategi, Kulturarv 2020, inneheld retningslinjer for forvaltning og sakshandsaming, der det er lagt vekt på å tydeliggjere skilet mellom lokalt, regionalt og nasjonalt forvaltningsansvar.

Fylkeskommunen har ansvar for å vurdere og gi fråsegn til tiltak og planar som rører ved automatisk freda kulturminne og kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap av regional og nasjonal verdi. Tiltak som rører ved kulturminne frå nyare tid, kulturmiljø og kulturlandskap av lokal verdi, skal handsamast av kommunen.

Hægebostad kommune har ansvar for reguleringsplanar, arealplanlegging og for at kulturarven får merksemd i kommunale planprosessar og byggesaker. Kommunen kan gjere vedtak om vern gjennom reguleringsplanar.



Bryggesåhommen

Riksantikvaren anbefaler i sin strategi for arbeidet med kulturarv i kommunane at ansvaret for kulturminne får ein tydeleg plassering i kommuneorganisasjonen.

I Hægebostad kommune ligg det administrative ansvaret for kulturminne hos Enhet for plan og drift.

Vest-Agder-museet har dessuten eit ansvar innanfor m.a. museumsspørsmål, medan Statens naturoppsyn (SNO) Hægebostad driv naturoppsyn i indre delar av Agder, inkludert kontroll av kulturminne freda etter kulturminnelova.

Kommunen som eigar

Fornminnefeltet på Tingvatn vert eigd av kommunen og fylkeskommunen, og drifta av Tingvatn Fornminnepark som er ei konsolidert avdeling av Vest-Agder museet. Saman med besøkssenteret på staden er Tingvatnfeltet ein av dei viktigaste kulturarenaene i Hægebostad.

Hægebostad bygdemuseum, med Vatnehuset på Tingvatn, er organisert som ei stifting med kommunen som eigar.

Kyrkjene i Eiken og Hægebostad er kulturminne som etter Kyrkjelova vert eigd av sokna, medan driftsoppgåvene forvalta av kyrkjeleg fellesråd. Det er imidlertid kommunen som er ansvarleg for vedlikehaldet av kyrkjebygningane.

Tilrettelegging og formidling

Tingvatnfeltet vert godt og breidt formidla gjennom Tingvatn fornminnepark. Det vert utført skjøtsel inne på fornmineområdet, og her er óg skilt med kulturhistorisk informasjon om staden.

I Bautaparken på Snartemo vert det fortalt om dei berømte funna frå garden, medan sjølve funnstaden(e) ikkje har noko skilt eller annan tilrettelegging.

På Eiken kyrkjegard finst tre sjeldne steinkrossar frå mellomalderen. Ved kyrkjegarden står skilt som fortel om krossane.

Elles er det ei heil rekke tilrettelagde stier og vegar i kommunen, mange av dei med kulturminne som ein viktig del av



Stølen Lykje

opplevinga (sjå heimesidene til Lister Friluftsråd, <https://listerfriluft.no>).

Barnevandrarstien er godt lagt til rette, og historia om barnevandrarane vert formidla ved eit eige barnevandrarstier på Konsmo. Stien går gjennom åtte kommunar. Gjennom Hægebostad følger han den gamle Prestevegen over Kvinesheia, går gjennom tunet på Urestad og ned kleiva til Snartemo. Frå Snartemo kjem stien inn på den gamle Byvegen over heia til Konsmo. Det er mange kulturminne langs vegen.

Andre tilrettelagde stiar er ridevegen Rødde vegen til Høge Varden, stien til varden på Blomliknuten (også vinterstid), turvegane i området rundt Sørlandets rehabiliteringssenter på Skeie (gravminner), rundløypa på Kollemomonen (med hellaren Kari me Steinen), stien til Koleheia (gravminne), elvestien mellom Snartemo og Birkeland (bautaparken, fleire gamle vegar), samt stier til Valefjell (husmannsplassar, falkefangst), Rofjell (hustuft, buveg, kvernhustuft), Lauvatn (istandsatte utløer), Herstøl (hellerar, tufter), Eilevstadfjellet (gamle vegar, jordeplekjellar) og Siktevarden (varde bygd som siktepunkt for jernbanen).

Samarbeid

Hægebostad har ein aktiv frivillig sektor, og mykje av det lokale kulturminnearbeidet i kommunen føregår i regi av frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar, som sogelag og museum. Dette er ein styrke, og lokalbefolkninga sin kunnskap og engasjement er avgjerande for kjennskap til lokalhistorie og kulturminne, og for lokal forankring av kulturminnevernet. Samarbeid med frivillige og lokale krefter vil vere avgjerande for gjennomføringa av kulturminneplanen.

God bevaring er avhengig av at eigarar og ansvarlege forstår verdien av kulturminna. Det er til sjuande og sist eigarane som skal stå for vedlikehald og ivaretaking. Eit godt samarbeid mellom kommunen og eigarane er derfor viktig, og god informasjon og sakshandsaming er ein vesentleg del av dette samarbeidet.



Tingplassen, Foto: Katja Regevik , Vest-Agder-museet



Gamal slipstein



Heddan Gard Foto: Erling Stokkeland

Eit godt samarbeid mellom kommune, fylke og ulike statlege instansar er avgjørande for at forvaltninga av kulturminne skal vera effektiv og god. Samarbeid på tvers av etatane i kommunen er likeins viktig for å sikre at utvikling skjer i ynskt retning.

Tilskotsordningar og økonomiske virkemiddel

Det er fleire instansar som gir tilskot til kulturminne.

Kommunen disponerer såkalla *SMIL-midlar* (Spesielle Miljøtiltak I Landbruket). Hovedmålet med desse midla er å ivareta natur- og kulturminneverdier i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureining frå jordbruket. Det kan m.a. gis tilskot til tiltak som ivaretar gammal kulturmark, legg til rette for større tilgjengelegheit og oppleving i landskapet og som held viktige arealar ope, samt til skjøtsel av kulturminne og kulturmiljø.

Innanfor SMIL-ordninga har m.a. stølsbygningane i Bryggesåhommen og Bulega fått midlar til istandsetting.

Kulturminnefondet er ei statleg tilskotsordning for private eigarar av verneverdige kulturminne. Ordninga skal bidra til å auka innsatsen frå eigarar og næringsliv for å ta vare på kulturminne, bidra til bevaring og bruk av kulturminne og kulturmiljø for oppleving, kunnskap, utvikling og verdiskaping, samt støtte prosjekt der offentlege og private aktørar samarbeider.

Hægebostad har i sers liten grad gjort seg nytte av Kulturminnefondet. I perioden 2003-2017 vart det gitt berre eitt (1) tilsegn frå fondet til kulturminne i kommunen, på 110 500 kr. Til samanlikning vart det i same periode gitt tilsegn til 183 prosjekt i Vest-Agder samla, til ein sum av ca. 22 millioner kr.

Kulturminnefondet gir tilskot til verneverdige kulturminne, uavhengig av formell status, og vil legge vekt på om eit omsøkt kulturminne er med i kommunen sin kulturminneplan eller ikkje. Kulturminneplanen og prioriteringane i han vil derfor vere eit godt utgangspunkt for å søke om middel frå fondet.

Fortidsminneforeningen har i samarbeid med Sparebankstiftelsen Dnb skipa ordninga Kulturminner for alle. Eigarar av kulturminne som står i fare for å verte øydelagde, kan søke. Kulturminna må vere tilgjengelege for ålmenta og ha ein plan for vidare bruk, og ein har fokus på prosjekt med kompetanseoverføring.

Riksantikvaren har tilskotsmidlar til freda bygningar og anlegg i privat eige, til sikring og istandsetting av verna fartøy, til brannsikringsplanar i tette trehusmiljø og til skjøtsel og skilting av automatisk freda kulturminne. Tilskotsordningane hos Riksantikvaren gjeld freda kulturminne.

Fylkeskommunen har tilskotsmidlar til mindre kulturminnetiltak.

Nokre av dei tilskotsordningane som *Fylkesmannen* i Agder forvaltar, kan óg vere relevante for kulturminnevernet. Det gjeld m.a. tilskot innanfor regionalt miljøprogram (RMP).

Vest-Agder-museet disponerar prosjektmidlar til små museer og andre ikkje-kommersielle aktørar som arbeider med kultur/naturhistorie i Vest-Agder. Museer utan fylkeskommunalt driftstilskot, lag og foreiningar og andre ikkje-kommersielle aktørar som har eit kultur- eller naturhistorisk prosjekt dei ønsker å realisere, kan søke om midlar. Det er også mogleg å søke om rådgivingstenester hos Vest-Agder-museet.

Stiftelsen UNI gir også tilskot til istandsetting av bygningar og kulturminne i privat eige.

Norsk Kulturarv kan gje tilskot gjennom aksjonane «Rydd et kulturminne» og «Ta et tak». Gjennom «Rydd et kulturminne» vert barn og unge engasjerte til å ta del i lokalt kulturminnevern, medan «Ta et tak» er ein aksjon som rettar seg mot våningshus og driftsbygningar.

Dei fleste private fond krev at tiltaket skal ha verdi for ålmenta, dvs. at det skal vera tilgjengeleg for alle, eller skapa ein samfunnsøkonomisk verdi. Kulturminnefondet krev ein eigenandel på 30-50%, men denne andelen kan dekkast av tilskot frå private stiftingar. Private stiftingar kan også gi tilskot til kommunale prosjekt.

Sams for alle tilskotsordningane er at ein skal følge «antikvariske prinsipp» når ein skal sette i stand eller oppgradere kulturminne. Det er avgjerande at ein tar omsyn til den kulturhistoriske og arkitektoniske karakteren til ein bygning, t.d.

På desse nettstadene kan eigarar av kulturminne finne nyttige råd og tips om istandsetting og vedlikehold:

Riksantikvaren (www.riksantikvaren.no/)

Vest-Agder fylkeskommune (www.agderfk.no/vare-tjenester/kulturminnevern-og-kulturturisme/)

Byggeskikksenteret i Flekkefjord (www.byggeskikksenteret.no/)

Bygningsvernsenteret i Aust-Agder (www.byggeskikksenteret.no/bygningsvernsenteret/)

Bygg og bevar (www.byggogbevar.no/)

Gamle trehus (www.gamletrehus.no/)



Heddan Gard Foto: Erling Stokkeland



Gamal bygning



Gammelt handverk, Foto: Katja Regevik, Vest-Agder-museet

Strategiar for kulturminnevern i Hægebostad

Hægebostad kommune vil legge desse strategiane til grunn for det vidare arbeidet med kulturminne:

Vern

- Samarbeid med eigarar av kulturminne
- Samarbeid med sogelag og andre frivillige miljø
- Auke kompetansen om kulturminne, istandsetting og økonomiske tilskuddsordningar
- Sørge for at dei utvalde kulturmiljøa i planen vert forvalta på kulturminna sine premiss.

Forvaltning

- Betre koordinering og samarbeid på tvers av etatar i kommunen
- Effektiv sakshandsaming og god service til innbyggjarane.

Formidling

- Auka fokus på Hægebostad som «folkevandringstidskommunen», med vektlegging av funnstader og kulturmiljø som Snartemo, Tingvatn, Bjærum og Eiken
- Utvikle Tingvatn vidare som kulturmiljø og besøksmål i samarbeid med fylkeskommunen og Vest-Agder-museet
- Vidare samarbeid med fylkeskommunen og andre om formidling og tilrettelegging av utvalde kulturminne.

Verdiskaping

- Hægebostad kommune vil legge til rette for aktiv bruk av kulturminne i gardsturisme og anna verdiskaping.

Prioriterte kulturminne

Kommunen må prioritere og sikre at dei viktigste kulturminna vert tatt vare på for ettertida. Det inneber at ikkje alle vil finne att «sitt» kulturminne i planen. Hægebostad kommune har valt å prioritere nokre overordna tema som synleggjør området si historie på ein god måte:

Lokalhistorie – byggeskikk og kulturlandskap – vegar og samferdsle – teknisk-industrielle kulturminne – forsamlingshus – folkevandringstida.

Vidare har ein lagt vekt på desse kvalitetane:

- Autentisitet
- Identitet



Gårdstun Gysland, Foto: Lasse Norlemann Mathiesen

- Brukspotensiale for verdiskaping, næring og formidling
- Sjeldenhet
- Representativitet
- Alder

Med nokre unntak er ikkje kulturminne som er verna etter kulturminnelova eller anna lovverk, tatt med. Kulturminneplanen er kommunen sin eigen plan, og omfattar først og fremst kulturminne med lokal verdi. At eit kulturminne er nemnt i kulturminneplanen, betyr ikkje at det har fått noko formelt vern. Planen peiker på nokre viktige miljø med stor kulturhistorisk verdi, og der ein skal ta omsyn til desse verdiane ved byggeprosjekt og i planlegging.

Ein har forsøkt å velgje ut miljø der fleire kulturminne opptre i samanheng, meir enn enkeltobjekt. Lista er likevel ei blanding av kulturmiljø og enkeltminne.

Dei heilheitlege kulturmiljøa er til dels store, og i handlingsplanen legg ein opp til å auke kunnskapen om desse i åra som kjem, gjennom mellom anna kulturhistoriske registreringar og aktiv formidling. Når det gjeld enkeltminna, ser ein føre seg at lista skal verte revidert og supplert etter kvart, og i handlingsplanen føreslår ein fleire tiltak som vil gi betre kunnskap om t.d. bygningsarven i kommunen (revisjon av Sefrak osv.). Dei arkeologiske kulturminna som er prioriterte i planen, er slike som etter kommunen si vurdering har eit serleg stort potensiale med omsyn til tilrettelegging og formidling.



Gyberg, Foto: Janet Gysland



Bryggeså, Foto: Peder Austrud

Kulturmiljø

Stølslandskapet i Hekkfjell

Området inkluderer det tradisjonelle stølslandskapet i Landdalen til og med Bryggesåhommen, med kulturlandskap og stølsbygningar. Området er viktig óg i regional samanheng, ettersom stølsdrifta slik ho vart praktisert i Eiken, ikkje var vanlig elles i Vest-Agder.

Nokre viktige verdiar som bør takast vare på:

- Istandsett støl i Bryggesåhommen
- Istandsett eldhus i Landdalen
- Istandsette høyløer i Landdalen
- Bevarte delar av Øygardsvegen (den gamle ridevegen over heia til Kyrkjebygd)
- Eiken Sag & Mølle.

Tingvatn kulturmiljø

Området inkluderar fornminneparken med den gamle tingstaden, men er utvida slik at dei yngre fasene av tinget og andre element også kjem med – det vil seie Tinghaugen og andre fornminne ned mot Lygne, tingstova på Tingvatn, Galgebakken, Hægebostad bygde-museum og bygdeborgene på Tingvatn og Bjærum.

Nokre viktige verdiar som bør takast vare på:

- Fornminnefeltet med Vatnehuset, Røyseland skule og andre bygningar som er flytta dit, og Tingplassen ned mot Lygne, samt tilhøvet mellom tingplassen og steinsettingane på fornminnefeltet
- Dei bevarte delane av første generasjon med køyreveg (Dalevegen)
- Tingstova
- Bygdeborgene på Tingvatn og Bjærum

- Hægebostad bydemuseum med innhald
- Kongshaugen på Bjærum.

Snartemo kulturmiljø

Området ligg nord for jernbanefyllinga, der ein finn funnstadene for dei berømte folkevandringstids-funna Snartemo I, II og V, Snartemo stasjon, Bautaparken samt den karakteristiske villabebyggelsen i «stasjonsbyen». Nokre av bolighusa er oppført av betongblokker, produsert lokalt av Snartemo sementvarefabrikk.

Nokre viktige verdiar som bør takast vare på:

- Dei arkeologiske funnstadene og siktlinene mellom desse
- Villabebyggelsen nord for Øvregardsvegen, inkludert hageanlegg etc.
- Stasjonen.

Gysland kulturmiljø

På Gysland har ein eit eldre bygningsmiljø med Gamlestoga, badstove og smie. Gjennom området går intakte delar av den første Dalevegen som køyreveg med fine bruer. Ned mot Lygna ligg den eldste Dalevegen (ridevegen) og hellaren på Æreneset.

Nokre viktige verdiar som bør takast vare på:

- Bygningsmiljøet
- Vegane
- Hellaren på Æreneset.

Strandegardane kulturmiljø

Området omfattar Strandegardane frå Tingvatnosen til Håberg, og liene ned til Lygne. Området er rikt på kulturminne frå fleire periodar, og kulturlandskapet er prega av rik edellauvskog.

Nokre viktige verdiar som bør takast vare på:

- Strandevegane
- Båtstøene ved Kleppe og Vestre Vik
- Tufter og spor etter nedlagde plassar
- Istandsett kvernhus på Håberg.

Urestad kulturmiljø

Det tettbygde tunet på Urestad dannar i samspel med det velhalde kulturlandskapet eit spesielt kulturmiljø av stor verd. Barnevandrarstien går gjennom garden. Fleire av husa er bygde av Tosten Torchildson (1780-1857), som var første ordføraren i Hægebostad. Buret på garden vart ein gong besøkt av stortjuven Gjest Bårdsen, som rente av garde over Kvinesheia med noko sylvty og ein hestesel. Tosten la etter Gjest over heia, og fann han igjen på ei dansemoro i Kvinesdal, der han fekk att det han sakna.

Nokre viktige verdiar som bør takast vare på:

- Bygningsmiljøet
- Samanhangen mellom bygningar og kulturlandskap.

Nedre Snartemo Gard

Våningshuset på gården bygd i 1873 er Sefrak –registrert og framstår i dag i hovudsak i original form og innvendig.

Ved gården er det fleire gravminner og busetningsaktiviteter kulldatert til jernalder, både folkevandringstiden og vikingtida. Gravene er del av Snartemogravfeltet, den sørlige delen av det.

Bak gården er jernbanehistorie sterkt representert både med Jåddanbanen og dynamitthuset.

Hægebostad kyrkje med Prestegarden kulturmiljø

Omfattar området vest for riksvegen frå Hægebostad kyrkje/ kyrkjegard og vidare nord til Klomre, og med Prestegarden og Krosshaugen og dei andre gravhaugane på sletta.

Nokre viktige verdiar som bør takast vare på:

- Kyrkja sin integritet som kulturminne og siktlinene mellom kyrkje og prestegard
- Prestegarden
- Krosshaugen og øvrige gravminne.

Heddan kulturmiljø

Heddan har fleire eldre bygningar, med setehus, stabbur, kvernhus, potetkjellar og smie i eit godt ivaretatt kulturlandskap, samt eit eige gardsmuseum. Ein av bygningane er

laga av betongelement produsert ved sementfabrikken på Snartemo. Kollemo skulehus er og flytta til Heddan. Heddan gard er ein aktiv aktør innanfor kulturbasert reiseliv. Garden er innehavar av Olavsrosa, og i 2009 var Heddan nominert til den nasjonale kulturlandskapsprisen.

Gamle vegar

Barnevandrarstien

Barnevandrarstien går på gamle vegar (Prestevegen og Byvegen) gjennom den sørlege delen av kommunen, og passerar dalen ved Snartemo. Det er mange kulturminne ved stien. Steinvardane Presten, Prestefrua, Deiknen og Hunden ligg langs Prestevegen over Kvinesheia, og er knytt til segn om eit prestefølge som fraus i hel på veg til gudsteneste i Hægebostad. Andre viktige kulturminne er Bruresteinen og Dåpskjella mellom Snartemo og Mydland.

Den gamle vegen frå Rossevatn til Knaben

Vegen vart nytta av anleggs- og gruvearbeidarar frå Eiken som jobba i Knaben. Vegen var i bruk fram til 1945.

Verdalsheivegen

Rideveg over heia mellom Eiken og Verdal. Vegen var i bruk til 1924; noko av han heilt til 1950-åra. Han krysser Skobekkjen ved kanten av kulturbeitet; her tok kyrkjegjengerane på seg kyrkjeko av lær. Ved Dansarslete dansa kyrkjefolket på heimvegen. Langs vegen er også ei likkvile.

Kvålesheivegen

Rideveg over heia, i bruk til 1887. Langs vegen er det fleire viktige kulturminne: Varpet, Dansarbergen der kyrkjefolket dansa på heimvegen, eit brudle og Sant Olavs bord og forsete.

Mannevegen Birkeland – Loka

Rideveg, erstatta av Naglestadvegen (køyreveg) i 1875.

Sundsheivegen

Rideveg mellom Helle i Konsmo og Snartemo, i bruk til 1920-åra som kyrkjeveg av folk på Sunde.

Rødde vegen Bakken – Årli

Rideveg, i bruk som presteveg til 1760, i allmenn bruk til 1950-åra. Prestekjelda er eit viktig kulturminne langs vegen, som er merka som turløype.

Enkeltminne

Kulturminne som har stor lokal verdi, og som ligg utanfor dei prioriterte kulturmilja.

- Eiken kyrkje med steinkrossane og minnestøtta over Pål Eiken
- Fålandsrøysa
- Kvernhus i Eikåsen
- Flyvraket ved Tindfjellet
- Kombinert bur og kvern på Skjeggestad
- Eilevstad
- Stompeløa
- Potetkjellar på Skytel
- Istandsett sag på Kvåle
- Badstove på Glitne
- Badstove på Bjærum
- Siktevarden
- Russefangeleiren på Snartemo
- Ungdomshuset, Eiken



Kommunegrensa mot Kvinesdal, Foto: Peder Austrud



Eilevstad herregård , Foto: Lasse Norlemann Mathiesen

Arkeologiske kulturminne

Funn og kulturminne frå folkevandringstida er sers tydelege i kommunen vår. Dette er ikkje nokon fullstendig liste over kulturminne som kan knyttast til denne delen av jernalderen, men eit utval av monumentale kulturminne som kommunen vil prioritere i skjøtsels- og formidlings-samanhang i samarbeid med fylkeskommunen og andre aktørar.

- Bryggeså (Boningshaugen)
- Jåddan (bygdeborg)
- Tingvatn (bygdeborg)
- Tingvatn (steinringfeltet)
- Tingvatn (Skeihaugen og Vehaugen)
- Snartemo (funnstadene)
- Bjærum (Rishaugen)
- Bjærum (bygdeborg)
- Kollemo (gravhaugar ved skulen)
- Gyberg (Oldesmonen)

Andre viktige kulturminnetypar

I tillegg til dei utvalde kulturminna, vil kommunen peike på nokre kulturminnetypar som spesielt viktige i Hægebostad:

- Musikk, matkultur og håndverk
- Stølsbygg
- Stabbur
- Utløer
- Smier
- Badstover
- Kvernhus, inkl. murar/tufter etter slike
- Andre Sefrak-registrerte bygningar frå før 1850
- Buvegar
- Øydegardar
- Endestavar og andre grensemerke
- Lokaliteter som det er knytt segn og tradisjon til
- Gravhaugar og andre automatisk freda kulturminne frå jernalderen («Snartemo-tid»).
- Butikkutsal/handel



Grav Bjærum , Foto: Lasse Norlemann Mathiesen



Bygning på Gysland Foto: Frans Arne Stylegar

Handlingsplan

Dette eit oversyn over nokre viktige tiltak for å istandsette og formidle kulturminne i dei utvalde kulturmiljøa. For dei fleste tiltaka gjeld det at ein er avhengig av lokalt initiativ og godt samarbeid med grunneigarar for å gjennomføre dei. Med nokre få unntak er det derfor ikkje konkretisert kven som har ansvar for gjennomføring, eller når tiltaket skal verte gjennomført. Punktet om økonomi er meint som rettleiing for å finne aktuelle tilskotsmedel.

Sted	Tiltak	Finansiering	Ansvar
Heile kommunen	Utarbeide skiltmal for kommunen		Kommunen
Heile kommunen	Evaluere Sefrak-registeret, med serleg vekt på prioriterte kulturmiljø og kulturminnetypar som er vist som viktige i planen		Kommunen
Heile kommunen	Gi ut hefte om byggeskikk i Hægebostad		Vest-Agdermuseet
Heile kommunen	Snartemoseminaret 2022/2023		Vest-Agdermuseet
Fleire	Registrere prioriterte kulturmiljø og kulturminne i Askeladden	Kommunen og fylkeskommunen	Kommunen
Fleire	Utarbeide skjøtselsplanar for prioriterte arkeologiske kulturminne	Fylkeskommunen	Fylkeskommunen og kommunen
	Kulturminnekart, med vekt på kulturminne langs eksisterande turstiar	Kommunen og Friluftsrådet	Friluftsrådet
	Gjere ferdig bygdebøker for heile kommunen		Sogelaga
	Lage undervisnings-opplegg om folkevandringstida for skuler og barnehagar	Kommunen, Vest-Agder-museet	Vest-Agdermuseet
	Samle informasjon om lokal historisk musikk, matkultur og håndverk	Kommunen, husflidslaget	
	Videre utvikling av Tingvatn fornminnepark		Vest-Agdermuseet, fylkeskommunen, kommunen
	Utarbeide plan for vidare utvikling av Bygdemuseet (inkl. vurdering av ny tomt for bygdemuseet)		Hægebostad bygdemuseum, Hægebostad kommune

Sted	Tiltak	Finansiering	Ansvar
Tingvatn –Eilevtad	Bru over Lygna, skjøtselsplan for Kongshaugen etc		
Urestad Heddan Gard Snartemo	Oppdatering av informasjon/ skilt		
Snartemo	Planlegge og opparbeide «fornminnepark»; rekonstruksjon av storhaugar i både øvre og nedre felt		
	Kulturminnesti m skilting		
Hekkfjell	Betre informasjon		
	Flystyrt minnemerke: Flyrester gjenbrukt som kledning (dokumentering)		
Eiken	Vannsag og mølle: oppgradering og rydding, parkering		
	Skilting og merking av kulturminne		
Jåddan	Merking og rydding av bygdeborga		
Gysland	Steinalderbuplassen, fangststed, rundturen, bitar av vegstrekk med steinklopp. Parkering, veiskulder. Skilting		
	Garden – skilting, videreutvikling.		

Kjelder

- L. Aukland 1998. *Med rutebilen gjennom Agder*. Kristiansand: Rutebilhistorisk forening avd. Agder.
- I.B. Eikeland 1965. Glimt fra driftetraffikkens gamle saga. *Agder historielags årsskrift* 43, s. 3-38.
- Eiken menighetsråd 1968. *Eiken kyrkje 1818-1968. Festskrift ved 150-årsjubileet*. Eiken: Menighetsrådet.
- Eiken sogelag 2008-2015. *Gards- og ættesoge for Eiken*, b. 1-4. Eiken: Sogelaget.
- Eikjen*. Årsskrift for Eiken Sogelag, 1982-.
- S. Gysland 1992. *Fotefar frå folk føre*. Kvinesdal: Kvina Trykk.
- S. Gysland 1995. *Dal og døl*. Kristiansand: Høgfeldt.
- T.N. Hageland 1989. *Heieliv i Hekkfjeddet*. Eiken: Eiken sogelag.
- T.N. Hageland 1998. *Murar og hellerar i heiane*. Kristiansand: Fylkeskonservatoren i Vest-Agder.
- T.N. Hageland 2000. *Gamle vegar i Vest-Agder*. Kristiansand: Statens vegvesen.
- T.N. Hageland 2003. *Vegane i Hægebostad kommune*. Eiken: Eiken sogelag og Hægebostad sogelag.
- T.N. Hageland 2008. *Den store hellerboka for Agder og Rogaland*. Kristiansand: Fylkeskonservatoren i Vest-Agder.
- J. Helle 1937. Hægebostad herred. *Vest-Agder fylke 1837-1937*, s. 307-316. Kristiansand: Fylket.
- Hægebostad kommune 1989. *Den norske skulen 250 år. Jubileumsskrift for Hægebostad kommune*. Hægebostad: Kommunen.
- Hægebostad menighetsråd 1952. *Hægebostad kyrkje 1844-1944. Eit minneskrift i tilføre 100-årsjubileet*. Kristiansand: Høgfeldt.
- Hægebostad sogelag 2014. *Hægebostad gards- og ættesoge*, b. 1. Hægebostad: Sogelaget.
- Å. Håberg 1937. Eiken. *Vest-Agder fylke 1837-1937*, s. 317-323. Kristiansand: Fylket.
- Å. Lauen 1957. Hægebostad. I: *Norges bebyggelse. Sørlege seksjon. Herredsbindet for Vest-Agder. Vestre del*, s. 332-343. Oslo: A/S Norsk faglitteratur.
- Å. Lauen 1975. *Hægebostad. Ei bygdebok. Gards- og ættesoge*. Mandal: Salvesen.
- O.A. Meland, B. Skjoldal & O. Rudlende 1994. *Fridommen vart dyrt kjøpt. Eit 50-års minne frå krigen*. Hægebostad: Kommunen.
- Norsk kulturråd 1967. *Innstilling fra utvalget for sikring av høyt prioriterte fornminner*. Oslo: Kulturrådet.
- P. Rolfsen & F.-A. Stylegar (red.) 2003. *Snartemofunnene i nytt lys*. Oslo: Kulturhistorisk museum.
- B.A. Rudlende 1957. Eiken. I: *Norges bebyggelse. Sørlege seksjon. Herredsbindet for Vest-Agder. Vestre del*, s. 124-133. Oslo: A/S Norsk faglitteratur.
- B. Skjoldal 1992. *Fornminne i Hægebostad kommune*. Hægebostad: Kommunen.
- R. Søyland 2012. *Skjøtselsplan for Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde i Hægebostad kommune*. Ecofact rapport 136.
- T. Tveiten & A. Tveiten 2004. *Utan svik. Pål Eikens liv*. Kristiansand: Stiftelsen Arkivet i samarbeid med Fædrelandsvennen.
- T. Tveiten 2018. *Utvandringa frå Eiken til Amerika 1846-1965*. Eiken: Eiken sogelag.
- A. Øydne Neset 1988. *Gamle minnesmerker i Hægebostad*. Kristiansand: Høgfeldt.
- Årsskrift Hægebostad sogelag*, 1996-.